

Øystre Slidre kommune

ØKONOMIPLAN 2017 – 2020
ÅRSBUDSJETT 2017

Innhald

1	MÅL OG PRIORITERINGAR	5
1.1	Hovudmål for Øystre Slidre kommune.....	5
1.2	Prioriteringar	7
1.3	Økonomisk status i 2016	12
1.3.1	Prognose for drifta i 2016	12
2	ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.....	13
2.1	Resultat.....	13
2.2	Økonomiske hovudoversikter	13
2.2.1	Økonomisk oversikt drift	13
2.2.2	Økonomisk oversikt investering.....	15
2.3	Organisasjon	16
2.3.1	Stillingsramme	16
2.3.2	Utvikling i årsverk	16
2.4	Driftsbudsjettet	18
2.4.1	Generelt.....	18
2.4.2	Frie inntekter.....	19
2.4.3	Kraftinntekter	19
2.4.4	Andre inntekter	19
2.4.5	Lønskostnader	19
2.5	Investeringar	19
2.5.1	Finansiering av investeringane.....	21
2.6	Lånegjeld	21
2.7	Finansielle utgifter	22
2.8	Fond – avsetjing og bruk	22
3	INTERKOMMUNALT SAMARBEID	25
4	POLITISK OG ADMINISTRATIV LEING.....	27
4.1.1	Stillingsramme	27
4.1.2	Økonomiske hovudtal	27
4.1.3	Beredskap	27
5	STABEN	29
5.1.1	Mål, status og sentrale utviklingstrekk.....	29
5.1.2	Stillingsramme	29
5.1.3	Økonomiske hovudtal	29
5.1.4	Tiltak	30
6	PLANAVDELINGA	31
6.1.1	Mål, status og sentrale utviklingstrekk.....	31
6.1.2	Stillingsramme	32
6.1.3	Økonomiske hovudtal	32
7	OPPLÆRING OG KULTUR.....	33
7.1	Felles for området	33
7.1.1	Mål	33

7.1.2	Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA).....	33
7.1.3	Stillingsramme	35
7.1.4	Økonomiske hovudtal – nettobudsjett per ansvarsområde	36
7.2	Grunnskule.....	36
7.2.1	Sentrale føringar og utviklingstrekk	36
7.2.2	Status	37
7.2.3	Tiltak i grunnskulen.....	38
7.2.4	Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovudtal	39
7.2.5	Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal	39
7.2.6	Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal.....	40
7.3	Barnehage	40
7.3.1	Sentrale føringar og utviklingstrekk	40
7.3.2	Status	41
7.3.3	Tiltak i barnehagen	41
7.3.4	Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal	41
7.3.5	Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal	42
7.3.6	Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal.....	42
7.4	Kultur.....	43
7.4.1	Sentrale føringar og utviklingstrekk	43
7.4.2	Status	43
7.4.3	Stillingsramme og økonomiske hovudtal	45
7.4.4	Tiltak	45
7.5	Flyktningtenesta	46
7.5.1	Status	46
7.5.2	Stillingsramme og økonomiske hovudtal.....	47
8	HELSE OG OMSORG	48
8.1	Felles for området	48
8.1.1	Mål	48
8.1.2	Sentrale føringar og utviklingstrekk.....	48
8.1.3	Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA).....	49
8.1.4	Stillingsramme	51
8.1.5	Økonomiske hovudtal	52
8.2	Helseavdelinga.....	52
8.2.1	Status	52
8.2.2	Stillingsramme	53
8.2.3	Økonomiske hovudtal	53
8.2.4	Tiltak	53
8.3	Institusjon og heimebaserte tenester (IHT).....	54
8.3.1	Status	54
8.3.2	Stillingsramme	55
8.3.3	Økonomiske hovudtal	55
8.3.4	Tiltak	55
8.4	Miljøtenesta.....	56
8.4.1	Status	56
8.4.2	Stillingsramme	56
8.4.3	Økonomiske hovudtal	56
8.4.4	Tiltak	57
8.5	Interkommunale tenester (NAV, barnevern, og intermediaærsenger i VLMS).....	57
8.5.1	NAV – status og økonomiske hovudtal	57
8.5.2	Barnevern – status og økonomiske hovudtal	58
8.5.3	Valdres lokalmedisinske senter (VLMS).....	59
9	TEKNISK DRIFT	61
9.1.1	Mål	61

9.1.2	Status	62
9.1.3	Stillingsramme	63
9.1.4	Økonomiske hovudtal	63
9.1.5	Framdrift	64
9.1.6	Tiltak	64
10	NÆRING OG BYGGESAK.....	66
10.1.1	Mål og status	66
10.1.2	Stillingsramme	68
10.1.3	Økonomiske hovudtal	68
10.1.4	Tiltak	69
11	KRAFTFORVALTNING.....	70
12	FINANSFORVALTNING	71
13	AVGIFTER OG BETALINGSSATSAR.....	72
13.1	Eigenbetaling i barnehagane.....	72
13.2	Eigenbetaling i skulefritidsordninga	72
13.3	Eigenbetaling i kulturskulen.....	73
13.4	Opphald på sjukeheimen.....	73
13.5	Heimehjelp	74
13.6	Mat	75
13.7	Tryggleiksalarm.....	75
13.8	Gebyrregulativet 2017 – tekniske tenester og næring/byggesak	75
14	VEDLEGG I: HANDLINGSREGELEN FOR GOD ØKONOMISTYRING	79
14.1	Målsetting.....	79
14.2	Handlingsreglar for disposisjonsfond og disposisjonsfond næring	79
14.2.1	Disposisjonsfond	79
14.2.2	Regler for Disposisjonsfond Næring.....	80
14.3	Handlingsreglar for netto driftsresultat og lånegjeld	80
15	VEDLEGG II: INVESTERINGSPROSJEKT	82
15.1	Skildring av investeringsprosjekt 2017-2020	82
15.2	VA-prosjekt	84
16	VEDLEGG III: TALBUDSJETT	86
17	VEDLEGG IV.....	88
17.1	Befolkningsutvikling.....	88
17.2	Organisasjonskart	90

1 Mål og prioriteringar

1.1 Hovudmål for Øystre Slidre kommune

Formannskapet behandla i sak 58/12 den 16.08.12 kommunal planstrategi 2012-2016. Måla for Øystre Slidre kommune er:

1. Øystre Slidre kommune skal vera landets beste bu- og besøkskommune, og vera blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
2. Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter per innbyggjar.
3. Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen.
4. Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
5. Øystre Slidre kommune skal heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.
6. Formannskapet behandla i sak 97/16 oppstart av Kommunal planstrategi for 2016-2020.

Desse hovudmåla er konkretisert i delmål, delt inn i følgjande kategoriar:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal syte for berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet (Planavdelinga)
- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar. (Planavdelinga og Kulturavdelinga)
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstillar innbyggjarane og gjestene sine grunnleggjande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge. (Opplæring og Kultur og Helseavdelinga)
- Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon (Plan, Opplæring og Kultur og Helseavdelinga)
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon. (Helseavdelinga, IHT og Kultur)

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert. (gjennomgåande)
- Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga. (Planavdelinga)
- Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida (Stab/Adm. leiing)
- Øystre Slidre kommune skal drive aktiv informasjon (Stab)

Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidssretta næringsliv. (Plan og Bygg/Næring)
- Kommunen skal vera ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god fortløpande dialog med næringslivet og lokalsamfunnet, (Bygg og Næring)
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar moglegheitene og vågar å gripe dei. For å kunne vera blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga. (Plan og Bygg/Næring)

Oppvekst og læring

- Øystre Slidre kommune skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like moglegheiter for utvikling.
- Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.
- I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle. (Opplæring og Kultur)

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.
- Øystre Slidre kommune skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vera betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelse, slik intensjonane er i Folkehelselova (Helseavdelinga)
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får moglegheit til sunn livsstil, med tryggleik for at ein frå den hjelpa ein treng når det trengs. (Planavdelinga)

Samferdsel

- Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
- Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som sers viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres.
- Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikkisikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar. (Planavdelinga)

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.
- Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilretteleggje for arbeidsplassar, nyskaping samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak..
- Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare og vera ein av tre framtidige sentrum i regionen saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira. (Planavdelinga)

Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplatt til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.
- Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette. (Planavdelinga)

Idrett og kultur

- Øystre Slidre kommune skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
- Øystre Slidre kommune ynskjer å ver den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i kommunen.
- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement, og som eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom Samfunnsdelen skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet. (Planavdeling og Kultur).

I dette dokumentet er desse delmåla presentert under dei tenestekområda dei naturleg høyrer heime.

1.2 Prioriteringar

Prioriteringane er i tråd med intensjonane i planstrategi og planprogram og kommuneplan med tilhøyrande samfunnsplan (vedtatt i kommunestyret 23.10.14), samt kommunedelplan for helse- og omsorgstenester.

Politiske mål for økonomiplanen

Kommunestyret har i sak 49/16 lagt til grunn slik prioritering i økonomiplanarbeidet:

Tabell 1-1 Prioritering

Kva er viktig - 2017	Kva er viktig men haster ikkje 2017-20	Kva er ikkje viktig 2021-
• Omsorgstun • Næringsutvikling • Interkommunalt samarbeid • Sentrumsutvikling • Barnevern • Mental helse – førebyggjande helse • Ferdigstille ØSUS • Ungdomshus • Fastlege • VA • Bustad • Marknadsføring • Ferdigstille uteområdet på Rogne skule • Utreie konsekvensar av skuledagen; pedagogiske, praktiske og økonomiske	• Miljøprofil • Nye Gangvegprosjekt • VA • Skule og Utdanning • Arbeidsplasser • Furustrand • Gjengroing • Økonomi	1. Bustadfelt 2. Nye planer 3. Nye interkommunale samarbeid 4. Press frå overordna myndighet 5. Gamle bygg 6. Gamle bygg

Kommunestyret har tidlegare sett økonomiske mål for økonomiplanarbeidet. Tabellen nedanfor syner skjematisk i kva grad dette framlegget til økonomiplan når desse måla:

Tabell 1-2 Måloppnåing i økonomiplanperioden

Mål – Handlingsregel	2016	2017	2018	2019	2020
1. Netto driftsresultat	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja
Mål: 3 % av brutto driftsinntekter	-1,6	- 2,6	5,3	5,3	5,2
2. Disposisjonsfond	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja
Mål: 17,5 % av brutto driftsinntekter	23,6	18,5	17,0	18,6	20,3
3. Lånegjeld	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Mål: Lånegjelda skal liggje under 40 % av brutto driftsinntekter korrigerert for inntekter frå sjølvkostområde	25,9	28,1	23,5	29,4	34,4

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste økonomiske nøkkeltala for ein kommune. Netto driftsresultat bør ideelt sett ligge på over 3 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret sitt mål for økonomiplanperioden er at dette skal vera 3 %, justert for sjølvkostområdet. Med bakgrunn i at kommunen har eit akseptabelt nivå på disposisjonsfond og handterbart gjeldsnivå, vil kommunen fortsatt ha ein sunn økonomi sjølv med netto driftsresultat på ned mot 1 % av driftsinntektene.

Investeringar – prioritering

Øystre Slidre kommune har lagt bak seg ei periode med store løft, der dei største løfta har vore:



- bygging av 2 nye barneskular og opprusting av 1 ungdomsskule
- bygging av 1 ny barnehage
- bygging av 10 nye omsorgsbustadar
- vesentleg opprusting av kommunale vegar
- historisk omfattande forbetringar av infrastrukturen innan veg, vatn og avløp.


Dette har ført til at kommunen si gjeld i perioden 2010-2016 vart fordobla. Korrigerert for lån til vatn og avløp (sjølvkostområde) har kommunen ei handterbar gjeld.

Kommunen sitt ansvar for gjeld i IKS er ved utgangen av 2015 på 37 mill. kr, størst i Valdres Lokalmedisinske Eigedom IKS (12,8 % av 190 mill. kr) og Valdres kommunale Renovasjons-selskap IKS (16,8 % av 80 mill. kr)

I neste planperiode ynskjer kommunen å prioritere:

- Bustadar og andre bygg innan omsorgsområdet
- Infrastruktur innan vatn og avløp for bygda og satsingsområda i fjellet
- Sentrumsutvikling på Beitostølen

Figur 1-1 Netto lånegjeld per innbyggjar i valdreskommunane (kjelde: SSB, KOSTRA 2015)**Figur 1-2 Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter i valdreskommunane (kjelde: SSB, KOSTRA 2015)**

Figur 1-3 Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter i valdreskommunane (kjelde: SSB, KOSTRA 2015)¹

Under kapitel 0 blir samansetting og utvikling av kommunen sin gjeld omtala.

Drift – prioriteringar

Økonomisk er det fire hovuddrivarar for Øystre Slidre kommune:

- Løn
- Rente
- Kraft
- Skatt og rammeoverføringar

I økonomiplanen er det føresett at lønsutviklinga vil bli om lag som Statistisk sentralbyrå sine prognosar.

Utvikling av løns- og pensjonsutgiftene blir omtala i kap. 2.4.5.

Rådmannen vil som tidlegare år fremme si meining om at det ikkje lenger er forsvarleg for kommunal sektor å oppretthalde ordninga med ytingsbasert pensjon for dei tilsette. Rådmannen meiner kommunestyret skal be KS arbeide for overgang til innskottsbaserte løysingar.

Renteprognosane frå SSB er grunnlaget for budsjetterte finansinntekter og -kostnader, med ein sikkerheitsmargin på 0,25 %. Slik kommunen i dag er finansiert, er rentenivået relativt uvesentleg for styringa av kommunen sin økonomi, då ein har tilsvarende innskottsbeteløp som lån i bank (utanom sjølvkostområda).

Kraftprisane er budsjettert i samsvar med NASDAQ sin prognose for planperioden og prisen på kraft med fast pris i 5 år (med fråtrekk av fortjeneste ca. 2,5 øre), vekt opp mot snitt oppnådd pris siste 5 år. Det er lagt opp til stabile inntekter framover, med ein kraftpris på 27,0 øre per kWh. Rådmannen legg opp til at denne prisen er fast for 2017-20, med årleg regulering av forventningsnivået.

¹ Netto lånegjeld definert som langsiktig gjeld utanom pensjonsplikter, med fråtrekk for utlån og ubrukte lånemiddel i forhold til brutto driftsinntekter.

Strukturendringar og regionalt samarbeid

Øystre Slidre kommune har bidrege til etablering av eit mangfald av regionale samarbeids-løysingar innan dei fleste sektorane.

Kommunen har i siste økonomiplanperiode hatt fokus på to område særskilt:

1. Kommunestyret har sakshandsama oversikt over regionale tenester og stadfesta strategien for styring av selskap som kommunen er medeigar i. Kommunestyret vedtar årlig budsjetttrammene for interkommunale selskap (IKS) og interkommunale vertskommunetenester. Saker om etablering av felles brannvesen, endring av NAV-kontorstad og endring av regionalorganisering er i prosess.
2. I oktober 2014 vedtok kommunen å delta i utgreiingsarbeid for ein ny valdreskommune. Dette arbeidet blei slutført i kommunestyresak 37/16, der kommunestyret gjorde slikt vedtak:
*«Kommunestyret vel å lytte til resultatet av folkerøystinga og vil ikkje gå inn for ei samanslåing mellom kommunar i Valdres.
 Med bakgrunn i utgreiingane knytt til kommunereforma, samt felles oppfatning av framtidens utfordringar må vi utvikle oss vidare, forenkle det interkommunale samarbeidet og rette oss etter dei krav som til ein kvar tid vert fastsett av Stortinget.
 Som svar på spørsmåla frå Fylkesmannen viser vi til saksutgreiinga frå rådmannen og rapporten frå kommunen sitt eige Ad-hoc utval.»*
 Fylkesmannen i Oppland har gitt sitt råd til regjeringa i oktober 2016 om at tida for strukturendringar i Oppland ikkje er moden basert, på dei vedtak som er gjort i kommunestyra i 2016. Det er lagt opp til endeleg behandling i Stortinget i juni 2017.

Nytt inntektssystem for kommunane frå 2017

Ved handsaminga av kommuneproposisjonen for 2017 gav Stortinget si tilslutning til Regjeringa sitt forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Her er ei kort oversikt over dei viktigaste endringane og verknadar for vår kommune.

Tabell 1-3 Verknader av nytt inntektssystem

Tiltak	Verknad for vår kommune
Endringar i kostnadsnøkane – befolkning, levekår, reiseavstand og andre strukturelle forhold – distriktsindikator	Negativ
Nytt busetnadskriterium for reiseavstand (strukturkriteriet) for å differensiere mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper	Negativ, ØSK er i «frivillig-gruppa».
Regionalpolitiske tilskot. Endring av småkommunetilskott etter distriktsindeks.	ØSK ikkje kommune som får småkommunetilskott (3.200 innbyggjarar).
For distriktstilskott Sør-Norge er endringa at det er meir i retning av fordeling per innbyggjar og mindre per kommune	Negativ då vi med 3.222 innbyggjarar er av dei minste i ordninga med distriktstilskott Sør-Norge
Tilskotsordning til mellomstore kommunar som slår seg saman og dermed utgjør eit sterkare tyngdepunkt i sin region.	Negativ da finansieringa er av hovudpotten til kommunane
Veksttilskott til kommunar som har gjennomsnittlig årleg vekst i innbyggjarar på over 1,5 % dei siste tre år, endra til 1,4 % i 2017.	Negativ, sjølv med jamn auke i befolkninga er 1,4 % meir enn 40 i året i snitt.

1.3 Økonomisk status i 2016

1.3.1 Prognose for drifta i 2016

Prognose per november 2016 viser at kommunen ligg an til eit netto driftsresultat 3-4 mill. kr betre enn revidert driftsbudsjett. Om dette blir det endelege resultatet, vil netto driftsresultat for 2016 ende på 4-5 mill. kr. Dette avheng m.a. av utvikling av kraft- og skatteinntektene for november og desember.

Kraftforvaltninga kan synast å få eit resultat litt betre enn budsjett grunna stigande kraftprisar for november og desember. Budsjettet er basert på kraftpris på 22 øre kWh på årsbasis.

Finansforvaltninga ligg samla sett i takt med budsjettet for 2016.

Lønsbudsjettet (løn, pensjon og refusjon sjukelønn) er prognostisert med eit netto mindreforbruk på om lag 4,3 mill. kr. Dette i hovudsak på grunn av ekstraordinære vakansar i fleire områder i kommunen, samt mindre behov for bemanning i helse- og omsorgstenester enn det som er føresett i budsjettet for 2016.

2 Årsbudsjett og økonomiplan

2.1 Resultat

Sum driftsinntekter eks momskompensasjon for 2017 er anslått til 287,4 mill. kr. Dette er ei auke på 11,8 mill. kr i forhold til budsjetterte inntekter for 2016

Driftsutgiftene er budsjettert med **284,1 mill. kr.**

Kommunelova set som krav til årsbudsjettet at budsjettert brutto driftsresultat skal vera tilstrekkeleg til minst å dekkje renter, avdrag og pliktige avsetjingar.

I budsjettet for 2017 er **brutto driftsresultat på 3,3 mill. kr.**

Årsbudsjett/økonomiplan oppfyller ikkje kravet til brutto driftsresultat i heile perioden.

Men på grunn av at utgiftene i samband med innføring av eigedomsskatt i kommunen, og eit strategisk val i samband med vedlikehald, må ein rekne året 2017 som eit unntaksår m.o.t. kravet om driftsresultat.

Budsjettert **netto driftsresultat for 2017 er på negativt 6,4 mill. kr.**

2.2 Økonomiske hovudoversikter

2.2.1 Økonomisk oversikt drift

Tabell 2-1 Netto driftsresultat i økonomiplanperioden – i mill. kr

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Sum driftsinntekter eks VAR	245	265	270	275
Netto driftsresultat	-6,4	14	14,3	14,2
Netto driftsresultat i %	-2,60 %	5,30 %	5,30 %	5,20 %

Tabell 2-2 Hovudoversikt drift (beløp i 1000 kr)

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Driftsinntekter						
Brukerbetalingar	11 528	11 013	11 188	11 188	11 188	11 188
Andre salgs- og leieinntekter	40 406	46 106	47 758	47 758	47 758	47 758
Overføringer med krav til motytelse	21 356	14 144	13 907	13 907	13 907	13 907
Rammetilskudd	98 562	98 200	96 500	95 500	95 500	95 500
Andre statlige overføringer	10 353	13 612	13 902	13 590	13 590	13 590
Andre overføringer	11 085	5 790	7 498	7 498	7 498	7 498
Skatt på inntekt og formue	80 344	80 900	91 000	91 000	91 000	91 000
Eiendomsskatt	2 300	2 200	2 000	22 000	22 000	22 000
Andre direkte og indirekte skatter	3 551	3 600	3 600	3 600	3 600	3 600
Sum driftsinntekter	279 486	275 565	287 353	306 041	306 041	306 041

Driftsutgifter

Lønnsutgifter	138 179	143 892	148 081	148 081	148 081	148 081
Sosiale utgifter	27 234	28 515	28 921	28 921	28 921	28 921
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.prod	35 742	31 948	42 958	39 990	39 040	38 995
Kjøp av tjenester som erstatter tj.prod	35 467	45 855	48 202	47 981	47 981	47 981
Overføringer	29 153	17 961	17 266	17 266	17 266	17 266
Avskrivninger	15 812	-	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-944	-1 552	-1 330	-1 330	-1 330	-1 330
Sum driftsutgifter	280 643	266 619	284 098	280 909	279 959	279 914
Brutto driftsresultat	-1 157	8 947	3 255	25 132	26 082	26 127

Finansinntekter

Renteinntekter og utbytte	5 719	6 025	5 810	5 810	5 810	5 810
Gevinst på finansielle instrumenter	27	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	106	115	130	130	130	130
Sum eksterne finansinntekter	5 851	6 140	5 940	5 940	5 940	5 940

Finansutgifter

Renteutgifter og låneomkostninger	3 615	4 053	4 575	5 075	5 275	5 375
Avdrag på lån	8 991	10 100	11 000	12 000	12 500	12 500
Sum eksterne finansutgifter	12 605	14 153	15 575	17 075	17 775	17 875

Resultat eksterne finanstransaksjoner

Resultat eksterne finanstransaksjoner	-6 754	-8 013	-9 635	-11 135	-11 835	-11 935
Motpost avskrivninger	15 812	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat	7 901	934	-6 380	13 997	14 247	14 192

Interne finanstransaksjoner

Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	3 441	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	7 630	2 157	10 289	3 000	3 000	3 000
Bruk av bundne fond	15 901	3 740	3 740	3 740	3 740	3 740
Sum bruk av avsetninger	23 531	9 338	14 029	6 740	6 740	6 740

Overført til investeringsregnskapet

Overført til investeringsregnskapet	-	400	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	19 219	1 387	-	14 087	14 637	14 882
Avsatt til bundne fond	8 772	8 484	7 649	6 650	6 350	6 050
Sum avsetninger	27 991	10 271	7 649	20 737	20 987	20 932
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	3 441	-	-	-	-	-

2.2.2 Økonomisk oversikt investering

Tabell 2-3 Hovedoversikt investering (beløp i 1000 kr)

Hovedoversikt investering	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	272	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Andre salgsinntekter	-	-	-	-	-	-
Overføringer med krav til motytelse	10 302	1 475	14 000	16 000	1 000	1 000
Kompensasjon for merverdiavgift	4 109	6 900	9 590	5 800	6 400	5 400
Statlige overføringer	-	4 320	4 600	-	-	-
Andre overføringer	110	-	-	-	-	-
Renteinntekter og utbytte	-	-	-	-	-	-
Sum inntekter	14 793	15 695	29 190	22 800	8 400	7 400
Utgifter						
Lønnsutgifter	600	-	-	-	-	-
Sosiale utgifter	38	-	-	-	-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	24 986	59 435	102 350	44 000	38 000	27 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	-	-	-	-	-	-
Overføringer	4 109	-	-	-	-	-
Renteutgifter og omkostninger	-	-	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-	-	-
Sum utgifter	29 734	59 435	102 350	44 000	38 000	27 000
Finanstransaksjoner						
Avdrag på lån	149	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Utlån	150	-	-	-	-	-
Kjøp av aksjer og andeler	575	4 100	4 100	600	600	600
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	172	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Avsatt til bundne investeringsfond	1 500	-	-	-	-	-
Sum finansieringstransaksjoner	2 547	10 100	6 100	2 600	2 600	2 600
Finansieringsbehov	17 487	53 840	79 260	23 800	32 200	22 200
Dekket slik:						
Bruk av lån	16 188	41 370	74 760	13 300	23 700	13 700
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	221	500	500	500	500	500
Overført fra driftsregnskapet	-	400	-	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	1 077	8 570	3 000	9 000	7 000	7 000
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-
Sum finansiering	17 487	53 840	79 260	23 800	32 200	22 200
Udekket/udisponert	-	-	-	-	-	-

2.3 Organisasjon

2.3.1 Stillingsramme

Tabell 2-4 Stillingsramme på områdenivå

Område	2017	2016	Endring
1 - Sentrale politiske og adm. styringsorgan	16,2	16,0	0,2
2 - Læring og kultur	95,8	93,4	2,3
3 - Helse og omsorg	99,5	99,6	-0,2
4 - Teknisk drift	25,6	25,5	0,1
5 - Næring og bygg	7,1	7,1	0,0
Totalt	244,1	241,6	1,5
210 - Lærlingverksemda	5,5	7,0	-1,5



2.3.2 Utvikling i årsverk

Tabell 2-5 Utvikling i årsverk på verksemdsnivå

Avdeling	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Felles område 1, 4 og 5 (Tidl. sentraladm. og KUN)										
Administrativ leiding	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	2,0	2,0	2,0
Sentraladministrasjon	6,2	6,0	4,8	4,8	4,8	-	-	-	-	-
Kommunekasse	6,0	5,6	5,0	5,9	5,0	-	-	-	-	-
Stab	-	-	-	-	-	9,4	10,2	9,6	9,3	9,4
Administrasjon KUN	2,8	2,8	2,8	2,8	2,8	-	-	-	-	-
Plan og bygg	6,2	5,4	6,6	6,2	6,3	-	-	-	-	-
Næring og miljø	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	-	-	-	-	-
Næring og byggesak	-	-	-	-	-	7,1	6,9	6,8	7,1	7,1
Planavd.	-	-	-	-	-	6,0	6,6	5,6	5,5	4,8
Brannvern	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	-	-	-	-	-
Kommunale bygg	16,0	16,8	15,9	17,2	17,0	-	-	-	-	-
Utbygging og drift	8,0	7,0	8,0	7,0	7,0	-	-	-	-	-
Teknisk drift	-	-	-	-	-	24,7	25,1	24,0	25,5	25,6
Totalt	50,2	48,6	48,1	48,9	47,9	48,2	49,8	47,9	49,4	48,9
Område 2 - Læring og kultur										
Administrasjon SB	3,6	3,6	2,6	2,6	2,4	1,8	1,0	2,0	2,0	2,0
BHSS + logoped	3,0	3,0	3,0	2,9	2,2	2,0	2,0	2,0	2,2	2,2
Barnehage	28,7	28,5	28,6	29,3	28,9	-	-	-	-	-
Rogne barnehage	-	-	-	-	-	10,9	11,0	11,5	13,5	11,0
Tingvang barnehage	-	-	-	-	-	10,5	9,2	9,6	5,3	8,6
Beito barnehage	-	-	-	-	-	9,8	10,3	10,1	9,7	8,7
SFO	1,1	1,0	1,2	0,9	1,2	-	-	-	-	-
Grunnskule	51,0	49,5	48,9	49,7	51,1	-	-	-	-	-
ØSUS	-	-	-	-	-	18,6	17,5	17,2	17,7	19,6
Rogne skule inkl. SFO	-	-	-	-	-	17,5	16,5	17,4	16,9	16,5
Lidar skule inkl. SFO	-	-	-	-	-	19,0	19,1	17,4	17,9	18,3
Kultur	2,2	2,1	2,1	2,2	2,2	-	-	-	-	-
Kulturskule	3,4	3,3	3,8	3,1	3,6	-	-	-	-	-
Kultur	-	-	-	-	-	6,5	6,6	7,0	7,3	7,1
Vaksenopplæring	0,4	0,4	0,2	-	-	-	-	-	-	-
Flyktningteneste	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1,8
Totalt	93,4	91,4	90,5	90,7	91,6	96,6	93,2	94,2	92,5	95,8

Område 3 - Helse og omsorg

Administrasjon HV	3,4	3,5	2,8	3,4	2,8	1,8	1,0	1,0	1,0	1,0
Systemkontor	-	-	-	-	1,0	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8
Barnevern	-	-	1,7	-	-	-	-	-	-	-
Sjukeheimen	39,0	38,8	41,5	41,7	42,3	-	-	-	-	-
Heimetenesta	22,0	24,9	25,7	26,3	27,6	-	-	-	-	-
IHT	-	-	-	-	-	66,8	66,7	63,8	59,7	59,9
Arbeid/aktivitet	4,8	4,8	5,6	5,6	5,6	-	-	-	-	-
Helseavdelinga	8,0	7,4	7,7	8,2	8,2	17,2	18,6	18,8	18,8	19,8
Miljøtenesta	13,3	15,2	15,5	16,4	16,3	16,5	16,3	17,8	18,3	17,0
Sosialavd.	2,5	3,2	-	-	-	-	-	-	-	-
NAV	-	-	1,7	1,5	-	-	-	-	-	-
Totalt	93,0	97,8	102,2	103,1	103,8	104,1	104,4	103,1	99,6	99,5
SUM	236,6	237,8	240,8	242,7	243,3	248,9	247,4	245,3	241,5	244,1

Figur 2-1 Utvikling i årsverk 2008-2017**Figur 2-2 Relativ utvikling i årsverk. Gjennomsnittet for perioden 2008–2012 er sett lik 100**

2.4 Driftsbudsjettet

2.4.1 Generelt

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne prognosar og vurderingar:

1. Økonomiske resultat i flyktningtenesta blir omtala i kap.7.5.
2. Løn og pensjon blir omtala i kap. 2.4.5.
 - a. Pensjonsutgiftene er basert på prognosar utarbeidd av Statens Pensjonskasse og KLP
 - b. Lønsutvikling er basert på SSB sine prognosar.
3. Interkommunale tenester
 - a. Budsjettet er basert på budsjettframlegg frå vertskommunar
4. Skatteanslaget for 2017 blir omtala i kap. 2.4.2.
 - a. Skatteanslaget for 2017 er basert på prognosar framlagt i forslag til statsbudsjett for 2017.
5. Rammetilskott og statstilskott for 2017
 - a. Basert på framlagt forslag til statsbudsjett for 2017
6. Kraftinntekter i 2017 blir omtala i kap. 2.4.3.
 - a. Kraftprisen er basert på prognosar frå kraftforvaltar Axpo Nordic A/S

Nedanfor følgjer endringar i nettoutgiftene per verksemd i kr og i %:

Tabell 2-6 Budsjett per verksemd (i 1000 kr)

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Endring kr	Endring %	Regnskap 2015
10 POLITISK LEIING	2 338	2 107	231	10,9 %	1 763
11 ADM. LEIING OG FELLESTENESTER	7 684	4 658	3 026	65,0 %	4 015
12 STAB	7 519	6 787	732	10,8 %	6 622
15 PLAN	3 948	4 154	-206	-5,0 %	3 881
1 Sentrale pol. og adm styringsorg	21 489	17 706	3 783	21,4 %	16 281
20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	7 842	6 717	1 125	16,8 %	6 210
21 ØSLIDRE UNGDOMSSKULE	14 948	13 346	1 603	12,0 %	12 302
22 ROGNE SKULE	11 503	11 011	493	4,5 %	11 101
23 LIDAR SKULE	13 628	12 309	1 319	10,7 %	12 187
25 TINGVANG BARNEHAGE	3 704	4 218	-514	-12,2 %	3 952
26 ROGNE BARNEHAGE	5 556	4 481	1 075	24,0 %	5 474
27 BEITO BARNEHAGE	4 200	4 360	-160	-3,7 %	4 228
28 FLYKTNINGETENESTER	-2 501	-2 048	-453	22,1 %	-
29 KULTUR	9 601	9 407	194	2,1 %	8 678
2 Opplæring og Kultur	68 481	63 799	4 682	7,3 %	64 130
30 HELSE OG OMSORG FELLES	5 438	5 631	-193	-3,4 %	3 821
31 HELSETENESTA	16 078	14 892	1 186	8,0 %	14 536
33 SOSIALE TENESTER	11 032	10 918	114	1,0 %	7 116
36 IHT	42 941	41 120	1 821	4,4 %	39 839
39 MILJØTENESTA	14 010	13 191	819	6,2 %	12 200
3 Helse og Omsorg	89 499	85 752	3 747	4,4 %	77 511
4 TEKNISKE TENESTER	20 583	16 029	4 554	28,4 %	15 425
5 NÆRING OG BYGGESAK	5 902	6 882	-980	-14,2 %	4 596
SUM kommunale verksemdar	205 954	190 168	15 786	8,3 %	177 943
80 KRAFTFORVALTNING	-8 470	-6 021	-2 449	40,7 %	12
81 FINANSFORVALTNING	11 465	9 628	1 837	19,1 %	9 386
90 SKATT OG RAMMETILSKOTT MM	-190 800	-182 600	-8 200	4,5 %	-180 359
95 FOND OG AVSKRIVNINGAR	-18 149	-11 175	-6 975	62,4 %	-6 984
Sum finansiering	-205 954	-190 168	-15 786	8,3 %	-177 943

2.4.2 Frie inntekter

Anslag frie inntekter for Øystre Slidre kommune for 2017 er 187,5 mill. kr. Av dette er det lagt til grunn 91 mill. kr i skatteinntekter (inkl. skatteutjamning og naturressursskatt).

For skatteinngangen har kommunen vald å legge til grunn prognosen som ligg i forslaget til statsbudsjett. Kommunen sine frie inntekter har her ein vekst på 1,7 % frå 2016 til 2017. KS har også laga ein prognose for samla frie inntekter i 2017. Denne ligg 2 mill. kr under dette.

I motsetning til i 2016, får ikkje Øystre Slidre kommune småkommunetilskottet på 5,5 mill. kr i 2017. Dette blir delvis kompensert med distriktstilskott på 3,2 mill. kr.

2.4.3 Kraftinntekter

Øystre Slidre kommune disponerer ei kraftmengde på 54,5 GWh. Om lag 5 GWh av krafta blir brukt i eigne bygg. Resten av krafta er i 2017 føresett omsett på Nord Pool gjennom forvaltningsavtale med Axpo Nordic A/S.

I budsjett/økonomiplan er det lagt til grunn ein marknadspris på 27,0 øre kWh.

Øystre Slidre kommune har renteberande ansvarleg lån på 20 mill. kr i Valdres Energi AS og på 4,9 mill. kr i Eidsiva Energi AS.

Det er budsjettert med 1,7 mill. kr i utbytte frå kraftselskap.

2.4.4 Andre inntekter

Det er budsjettert med 3,7 mill. kr i årleg inntekt av konsesjonsavgifter. Desse inntektene er føresett brukt til delfinansiering av avdrag. Eigedomsskatt på verk og bruk er budsjettert med 2,2 mill. kr årleg, som fordeler seg med 1,3 mill. kr frå kraftproduksjonsanlegg og 0,9 mill. kr frå lokale produksjonsverksemd.

2.4.5 Lønskostnader

Til grunn for budsjettet ligg ein årslønnsvekst frå 2015 til 2016 på 2,7 %.

Prognosar viser at lønsbudsjettet i Øystre Slidre kommune samla sett vil gå i overskott også i 2016, i hovudsak fordi det har ekstraordinære vakansar i faste stillingar og redusert behov innan helse og omsorg.

I budsjettet for 2017 er pensjonsutgiftene budsjettert i samsvar med prognosar frå KLP/Statens pensjonskasse. Netto premieavvik for 2017 er 4,0 mill. kr, mot 3,5 mill. kr i budsjettet for 2016.

Samla pensjonsutgifter i driftsbudsjettet for 2017 er på 17,0 mill. kr (2016: 16,9 mill. kr).

2.5 Investeringar

Det er oppført investeringar med brutto finansieringsbehov på 108 mill. kr i 2017. Dette fordeler seg med 54 mill. kr til prosjekt innan vatn- og avløpsområdet og 54 mill. kr til anna kommunal verksemd. Kommenterar til prosjekta er oppført i kap. 15.

Tabell 2-7 Investeringsbudsjett

Nr	Prosjekt	2016		Økonomiplan 2017-2020				B17-20 Sum
		Budsj.	Prog.	2017	2018	2019	2020	
129	Andelsinnskott KLP	600	700	600	600	600	600	2 400
131	Lån -ekstraord avdrag	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
559	VA Yddin aksjekjøp	3 500	-	3 500				3 500
204	ØSUS Kantine vestibyle	1 000	1 000					0
238	ØSUS Ventilasjon og rehab.	10 000	10 000	4 000				0
208	ØSUS Heimkunnskap	650	650					0
209	ØSUS Brannfører	250	250					0
230	Rogne bhg.	-	112	-				0
493	Gangveg BHSS-sør	750	-	750				750
194	Digitalisering eigedomsarkiv	1 500	-	1 500				1 500
600	Omsorgstun	-	-	10 000	20 000	25 000	20 000	75 000
435	Bustad Brennebakkin	5 200	-	5 200				5 200
365	Buss - sjukeheimen	400	-	400				400
601	Volbu Bru	-	-	500	2 000			2 500
394	Bustad Moavegen 1	10 000	-	10 000				10 000
396	Brannbil	1 800	1 800	-				0
490	Brann - biler	1 320	105	1 200				1 200
565	Utkjøp feiebil	65	48					0
439	Sentrumsutvikling Beitostølen	2 000	500					0
397	Utvikling Beitostølen			5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
603	Ungdomsklubb-nybygg	3 300	100	5 300				5 300
239	Gamle Rogne riving	1 500	0	1 500				1 500
240	Gamle Rogne kaldtlager	250	0	250				250
241	Gamle Rogne uteområde	250	0	250				250
242	Gamle Rogne gang/sykkelveg.	1 000	0	1 000				1 000
243	Solhauglivegen asfalt	1 000	950					0
605	Dalsvegen (VA Lidar-Sælid)	1 500	0	1 500				1 500
389	Asfaltering av komm. vegar			0	2 000	2 000	2 000	6 000
Delsum invest. eks VA		50 835	17 215	53 450	30 600	33 600	28 600	142 250
558	VA Lidar -Sælid	12 000	6 000	30 000	8 000			38 000
560	VA Nedrefoss -garderobe	3 000	3 000	0				0
561	VA Nedrefoss -biotrin	0	0	4 000				4 000
556	VA ringledning Robøle		0	6 000				6 000
604	Ole VV utv. beh.anlegg		0	1 000	7 000	6 000		14 000
504	Ole VV inntak			2 000				2 000
500	VA v/tomter i Volbu	700	700					0
501	VA Lykkjetjednet		0	4 000				4 000
502	VA Åbakkin		0	1 000				1 000
503	VA Gullbakkvegen		0	3 000				3 000
606	VA Kollstad Tvingivegen			3 000				3 000
Delsum VA		15 700	9 700	54 000	15 000	6 000	0	75 000
Sum		66 535	26 915	107 450	45 600	39 600	28 600	217 250
Avsetj. til ubunde invest. fond		3 000	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum finansieringsbehov		69 535	29 915	108 450	46 600	40 600	29 600	221 250

2.5.1 Finansiering av investeringane

Tabell 2-8 Finansiering av investeringane (i 1000 kr)

	2016		Økonomiplan 2017-2020				B17-20 Sum
	Budsj 16	Prog 16	2017	2018	2019	2020	
Sal av tomter	-1 000	-500	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-4 000
Sal Klyppemyrhaugen	-2 000		0	0	0	0	0
Refusjon private/husbanken		-500	-13 000	-15 000			-28 000
Tilskott bustad Moavegen	-4 000		-2 600				-2 600
Statstilskott statsbudsjett 16	-320						0
Mottatte avdrag	-500	-500	-500	-500	-500	-500	-2 000
Oppland Fylke	-475	-475					0
Bidrag Sentrumsutv. Beitost.	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-4 000
Tilsk. spelemiddel ungd.hus			-2 000				-2 000
Overføring frå drift	-400						
Bruk av disp.fond	-5 570	-590	-3 000	0	0	0	-3 000
Bruk av disp.fond kraft	-3 000	-2 388	0	0	0		0
Bruk av disp.fond e-skatt			0	-9 000	-7 000	-7 000	-23 000
Bruk ubunde invest fond	-3 000	-3 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-4 000
Momskomp invest	-6 900	-2 702	-9 590	-5 800	-6 400	-5 400	-26 390
Lån VA	-15 700	-9 700	-54 000	-15 000	-6 000	0	-75 000
Lån anna	-25 670	-8 560	-20 760	1 700	-17 700	-13 700	-47 260
Sum finansiering	-69 535	-29 915	-108 450	-46 600	-40 600	-29 600	-191 650
Nye lån	-41 370	-18 260	-74 760	-13 300	-23 700	-13 700	-108 560
Rentesats	2,5 %	2,5 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	
avdragstid 30 år	1 379	609	2 492	443	790	457	2 829
Årleg rente	1 034	457	1 495	266	474	274	1 697
Sum effekt på drift	2 413	1 065	3 987	709	1 264	731	4 526

2.6 Lånegjeld

Kommunestyret har i gjeldande handlingsregel vedteke som mål at lånegjelda skal liggje under 40 % av brutto driftsinntekter siste rekneskapsår, eks inntekter frå sjølvkostområde innan VAR. Det er lagt til grunn at inntekter ved sal av bustadtomter skal disponerast til ekstraordinær nedbetaling av lånegjelda.

Tabell 2-9 Utvikling av lånegjeld (i 1000 kr)

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Brutto lånegjeld per 1.1.	155 593	183 600	174 500	180 400	243 660	245 460	257 160
ordinære avdrag	-8 563	-9 100	-10 100	-11 500	-11 500	-12 000	-12 000
ekstraord avdrag	0	0	-3 000	0	0	0	0
nye lån	36 570	0	19 000	74 760	13 300	23 700	13 700
Brutto lånegjeld per 31.12.	183 600	174 500	180 400	243 660	245 460	257 160	258 860

Lånegjeld eks VA	135 900	105 700	104 900	114 800	106 100	120 800	133 000
Lånegjeld eks VA og lån med rentekomp. Husbanken	88 600	59 900	60 600	72 000	64 800	81 000	94 700
Driftsinntekter	263 867	279 485	275 565	287 353	306 041	306 041	306 041
Rentekompensasjon	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
Inntekter VAR sjølvkost	-24 788	-25 024	-29 293	-29 060	-29 060	-29 060	-29 060
Korrigert driftsinntekt	237 279	252 661	244 472	256 493	275 181	275 181	275 181
Brutto lånegjeld per innb. (3220 innb)	57	54	56	75	75	79	79
Lånegjeld ekskl. VA i % av inntekt	37,3 %	23,7 %	24,8 %	28,1 %	23,5 %	29,4 %	34,4 %
Lånegjeld i % av brutto inntekter							
<i>Handlingsregel frå 2014</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>

2.7 Finansielle utgifter

Som grunnlag for berekning av finansielle utgifter er det lagt til grunn ei innlånsrente på 2 % i perioden 2017-2020.


Tabell 2-10 Finanspostar (tal i 1000 kr)

Finansinntekter og -utgifter	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
RENTEUTGIFTER	3 615	4 053	4 575	5 075	5 275	5 375
AVDRAG LÅN	8 991	10 100	11 000	12 000	12 500	12 500
Sum finansutgifter	12 606	14 153	15 575	17 075	17 775	17 875
RENTEINTEKTER	-3 807	-4 475	-4 070	-4 070	-4 070	-4 070
MORARENTER	-41	-50	-40	-40	-40	-40
UTBYTTE FRÅ SELSKAPER	-1 872	-1 500	-1 700	-1 700	-1 700	-1 700
KURSGEVINST	-27	-	-	-	-	-
MOTTATTE AVDRAG UTLÅN	-106	-115	-130	-130	-130	-130
Sum finansinntekter	-5 853	-6 140	-5 940	-5 940	-5 940	-5 940
Netto finans	6 753	8 013	9 635	11 135	11 835	11 935

2.8 Fond – avsetjing og bruk

Kommunestyret har fastsett mål om at disposisjonsfondet skal vera minimum 17,5 % av brutto driftsinntekter. Dette målet er nådd i heile økonomiplanperioden.

Sjølvkostberekning viser at drifta innan vatn og avløp frå og 2014 samla har gått med overskott (inndekningsgrad over 100 %). Budsjettframlegget for 2017 viser ein inndekningsgrad på 136,7 % og 125,4 % for høvesvis vatn og avløpsområdet.

Figur 2-3 Utvikling sjølvkostfond VA (i 1000 kr)

Det er lagt inn vesentlege investeringar i hovudvassleidningar og investeringar i reinseanlegg i økonomiplanperioden. Dette vil bidra til auke i kapitalkostnader i perioden.

Figuren over viser at kommunen synast å vera godt rusta for å gjennomføre drifts- og investeringstiltak innan vatn- og avløpsområdet. Kommunen syner i samband med dette til formannskapssak 52/15 om vedtak om iverksetting av arbeid med planprogram for kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp (VVA-plan) for Øystre Slidre kommune. Det er forventa at handlingsdelen (drifts- og investeringstiltak) i VVA-planen, som er føresett ferdigstilt i løpet av 1.halvår 2017, vil avdekke behov for drifts- og investeringstiltak.

Vi viser elles til investeringsbudsjettet for perioden 2017-2020 (kap. 2.5); ny hovudleidning Lidar - Sælid o.l.

Tabell 2-11 Oversikt over fond - avsetjing og bruk (i heile 1000 kr)

	Regnskap 2014	Regnskap 2015	Prognose 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Disposisjonsfond 1.1.	57 195	59 036	69 548	60 209	46 920	49 007	53 644
Avsett i drift	14 603	19 219	1 387	-	14 087	14 637	14 882
Bruk i drift	-12 762	-7 630	-2 156	-10 289	-3 000	-3 000	-3 000
Bruk i investering	-	-1 077	-8 570	-3 000	-9 000	-7 000	-7 000
Netto endring	1 841	10 512	-9 339	-13 289	2 087	4 637	4 882
Sum disposisjonsfond per 31.12.	59 036	69 548	60 209	46 920	49 007	53 644	58 526
Disp.fond i % av brutto driftsinnt.	25,1 %	29,6 %	25,6 %	19,9 %	20,9 %	22,8 %	24,9 %
Bundne driftsfond 1.1.	17 673	21 581	14 452	19 196	23 105	26 015	28 625
Avsett i drift	8 129	8 772	8 484	7 649	6 650	6 350	6 050
Bruk i drift	-4 221	-15 901	-3 740	-3 740	-3 740	-3 740	-3 740
Netto endring	3 908	-7 129	4 744	3 909	2 910	2 610	2 310
Sum bundne driftsfond per 31.12.	21 581	14 452	19 196	23 105	26 015	28 625	30 935

Sjølvkostfond VA 1.1	-1 622	1 558	6 172	11 039	15 036	17 123	19 509
Avsett i drift	3180	4614	4867	3997	2087	2386	2073
Bruk i drift	0	0	0		0	0	0
Netto endring	3 180	4 614	4 867	3 997	2 087	2 386	2 073
Sum sjølvkostfond for Vatn og avløp per 31.12.	1 558	6 172	11 039	15 036	17 123	19 509	21 582
Ubundne inv.fond 1.1	7 871	8 639	8 811	8 811	8 811	8 811	8 811
Avsett	768	172	3 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk	0	0	-3 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Netto endring	768	172	0	0	0	0	0
Sum investeringsfond per 31.12	8 639	8 811	8 811	8 811	8 811	8 811	8 811
Totalt 31.12.	89 256	92 811	88 216	78 836	93 213	100 460	107 652


3 Interkommunalt samarbeid

Øystre Slidre kommune er deltakarkommune i interkommunalt samarbeid på mange tenestoområde. Nord-Aurdal kommune er vertskommune for dei fleste av desse tenestene. Tenestene er organisert etter kommunelova § 27 og § 28.

Øystre Slidre kommune sin andel av tenester der Nord-Aurdal kommune er vertskommune er jf. framlagt budsjettforslag samla på 12 193 000 kr.

Interkommunale tenester blir omtala i denne økonomiplanen i kapitla til relevante område.

Figur 3-1 Utvikling i vertskommunetenestene i Nord-Aurdal kommune



Tabell 3-1 Øystre Slidre kommune sin andel av vertskommunesamarbeid Nord-Aurdal

Teneste	Bud. 17	Bud. 16	Endring
Skatteoppkrevjar	642 000	675 000	-33 000
PP -logoped	1 426 000	1 459 000	-33 000
Jordmor	383 000	363 000	20 000
Legevakt	2 270 000	2 034 000	236 000
NAV	2 609 000	2 477 000	132 000
Barnevern	1 676 000	1 505 000	171 000
VLMS intermed.	2 456 000	2 400 000	56 000
VLMS reinhald etc.	788 000	979 000	-191 000
Brannførebyggande	309 000	301 000	8 000
Vertskommune NAK	12 559 000	12 193 000	366 000

Tabell 3-2 Døme på andre vertskommunesamarbeid

Teneste	Vertskommune	Budsjett 2017
VGIS	Vang kommune	422 000
Innkjøpskoordinator	Sør Aurdal kommune	146 000
Visit Valdres		720 000
Sum		1 288 000

Eksempel på kjøp frå vertskommunesamarbeid ut over ovannemnte er til dømes: Krisesenter - Ringerike kommune og Alarmsentral – 110 på Elverum.

4 Politisk og administrativ leiing

4.1.1 Stillingsramme

Tabell 4-1 Stillingsramme administrativ leiing

Stilling	2017	2016	Endring
Rådmann	1,0	1,0	0,0
Økonomisjef	1,0	1,0	0,0
Totalt	2,0	2,0	0,0

4.1.2 Økonomiske hovudtal

Tabell 4-2 Økonomiske hovudtal politisk og administrativ leiing

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	1 662 000	1 610 000	1 590 681
KJØP AV VARER OG TENESTER	279 000	266 000	358 607
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	10 000	10 000	17 901
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	20 000	20 000	8 478
OVERFØRINGAR	367 000	201 375	101 358
Sum utgifter	2 338 000	2 107 375	2 077 026
SALGSINNTEKTER	-	-	-47 147
REFUSJONER	-	-	-266 854
Sum inntekter	-	-	-314 002
Sum 10 POLITISK LEIING	2 338 000	2 107 375	1 763 024
11 ADM. LEIING OG FELLESTENESTER			
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	2 768 000	3 232 000	2 543 189
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 327 000	809 000	699 647
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	3 020 000	20 000	14 025
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	597 000	597 000	787 340
OVERFØRINGAR	-	-	30 590
Sum utgifter	7 712 000	4 658 000	4 074 791
SALGSINNTEKTER	-	-	-9 389
REFUSJONER	-28 000	-	-50 039
Sum inntekter	-28 000	-	-59 428
Sum 11 ADM. LEIING OG FELLESTENESTER	7 684 000	4 658 000	4 015 363

Budsjettet tek høgde for vidareføring av dagens drift med tillegg for:

- Reservert løyving til formannskapet: 300 000 kr
- Valavvikling: 42 000 kr
- Utgifter ved innføring av generell eigedomsskatt: 3 500 000 kr

4.1.3 Beredskap

Øystre Slidre kommune hadde tilsyn i regi fylkesmannen på beredskapsområdet 22.04.2015.
Hovudinstrykket til Fylkesmannen:

Fylkesmannen meiner at Øystre Slidre kommune tek samfunnssikkerhet og beredskap godt i vare i drift og planlegging. Kommunen har opprette beredskapsteam på tre personar. Beredskapsteamet samlas og diskuterer saker på beredskapsområdet ved behov. Tiltaket er

med på å vise at kommunen tar samfunnssikkerhet og beredskap på alvor. Det er viktig at man ikkje er åleine om tema beredskap og har eit fora for å diskutere endringar i ROS og planverk. Kommunen fortalde også at dei gjennomfører diskusjonsøvingar i kriseleiinga ved verkelege hendingar som skjer i andre delar av landet, til dømes brannen i Lærdal. Dette er bra.

Kommunen fekk eitt avvik, der det vart påpeikt at ROS-analysen vår ikkje oppfyller minstekravet i forskrift om beredskapsplikt i § 2. Analysen mangla o.a. vurdering om behov for befolkningsvarsling og evaluering. I vårt tilsvaret til fylkesmannen lova kommunen at manglane i analysen skulle rettast ved revisjon i 2016.

Det er lagt ned ein stor innsats frå planavdelinga i 2016 i dette revisjonsarbeidet., og avviket blir lukka innan fristen.

Tabell 4-3 Økonomiske hovudtal - beredskap

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	315 000	302 000	285 389
KJØP AV VARER OG TENESTER	82 000	80 000	16 047
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	20 000	20 000	1 215
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	-	-	14 290
OVERFØRINGAR	-	-	3 230
Sum utgifter	417 000	402 000	320 172
REFUSJONER	-4 000	-	-3 230
Sum inntekter	-4 000	-	-3 230
Sum ansvar: 113 BEREDSKAP	413 000	402 000	316 941

Tiltak

- Kurs/øving av kriseleiing og stab på Sivilforsvarets beredskaps- og kompetansesenter på Starum våren 2017.
- Innkjøp og drift av nødnettsamband.

5 Staben

Stabsavdelinga har ansvar for følgjande hovudområde:

- Post/arkiv
- Politisk møtesekretariat
- Sentralbord
- Lønn/personal
- Rekneskapsavdeling
- Informasjon, inkl. nettsider og skjemaløysingar
- Div. saksbehandling

5.1.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for staben:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbygarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
- Øystre Slidre skal drive aktiv informasjon.

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

5.1.2 Stillingsramme

Tabell 5-1 Stillingsramme - Stab

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagleiar	2,0	2,0	0,0	
Rådgjevar	0,8	0,8	0,0	
Saksbehandlar/sekretær	5,6	5,5	0,1	Utløp av permisjon
Totalt	9,4	9,3	0,1	

5.1.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 5-2 Økonomiske hovudtal - staben

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 667 000	5 431 000	5 284 940
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 154 000	1 126 000	1 070 383
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	123 000	180 000	132 039
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 868 000	1 720 000	1 414 794
OVERFØRINGAR	-	-	242 473
Sum utgifter	8 812 000	8 457 000	8 144 629

SALGSINNTEKTER	-986 000	-1 440 000	-977 888
REFUSJONER	-70 000	-	-319 153
STATSTILSKOT	-237 000	-230 000	-226 056
Sum inntekter	-1 293 000	-1 670 000	-1 523 096
Sum 12 STAB	7 519 000	6 787 000	6 621 533

5.1.4 Tiltak

- Vidare implementering av digitalt internkontrollsystem
- Etablering av fullelektronisk arkiv
- Digitalisering av eigedomsarkivet (investeringsbudsjett)
- Fullelektronisk fakturamottak
- Vidareutvikling elektronisk utsending av fakturaer (via Digipost/Altinn)
- Vidareutvikling av nettsidene
- Vidareutvikling av planar og rutinar på personalområdet

6 Planavdelinga

6.1.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Planavdelinga har klare mål om å betre responsen mellom vedtekne politiske mål og fysisk planlegging og gjennomføring. Ved å samle all plankompetanse i ei avdeling er føresetnadene for å lukkast med dette gode.

Det fremste målstyringsverktøyet er planstrategidokumentet for Øystre Slidre. Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for planavdelinga:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet.
- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbygarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre skal vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.

Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv.
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar muligheitene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

Samferdsel

- Øystre Slidre skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E-16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå til denne.
- Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som særskild viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres. Øystre Slidre skal utvikle eigen trafikkisikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide for sykkel- og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegane.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg.

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland
- Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilrettelegge for arbeidsplassar, nyskaping, samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak for dette.
- Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira..

Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom *Arealdelen* til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.
- Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

Idrett og kultur

- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement på ein slik måte at det stimulerer drifta i frivillige lag og organisasjonar, og som er eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

6.1.2 Stillingsramme

Tabell 6-1 Stillingsramme - Planavdelinga

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagsjef miljø	1,0	1,0	0,0	
Planlegger/jurist	2,8	2,7	0,1	Utløp av permisjon
Rådgjevar	0,0	0,8	-0,8	Overført i budsjettet til flyktningteneste
Totalt	4,8	5,5	-0,7	

6.1.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 6-2 Økonomiske hovudtal - planavdelinga

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 396 000	3 674 000	3 481 210
KJØP AV VARER OG TENESTER	108 000	101 000	118 737
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	336 000	255 000	720 843
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	149 000	135 000	114 431
OVERFØRINGAR	-	-	142 965
Sum utgifter	3 989 000	4 165 000	4 578 186
SALGSINNTEKTER	-	-	-49 682
REFUSJONER	-41 000	-11 000	-337 617
FINANSINNTEKTER	-	-	-309 700
Sum inntekter	-41 000	-11 000	-696 999
Sum 15 PLAN	3 948 000	4 154 000	3 881 187

7 Opplæring og kultur

7.1 Felles for området

7.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området oppvekst og næring:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbygarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

Oppvekst og læring

- Øystre Slidre kommune skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like muligheiter for utvikling.
- Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.
- I Øystre Slidre skal det vere garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.
- Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling
- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

Idrett og kultur

- Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
- Øystre Slidre ynskjer å vere den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen.
- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement på ein slik måte at det stimulerer drifta i frivillige lag og organisasjonar, og som er eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

7.1.2 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

Tabell 7-1 Kvalitetsindikatorar - Opplæring og kultur (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Komm. gruppe 2 2015	Oppland 2015	Landet 2015
	2013	2014	2015			
Gjennomsnittlig gruppestørrelse 8.-10. årstrinn	13,1	12,0	11,1	12,5	13,4	14,3
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	88,9	94,1	100,0	88,9	94,6	91,8
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage Enhet: Kvadratmeter	8,7	9,0	8,7	6,9	6,4	5,8
Besøk i folkebibliotek per innbygger	7,2	7,8	7,4	3,8	4,6	4,4
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 579	1 851	1 604	2 039	2 075	2 024

Tabellen viser at det er satsa på barn i barnehage og skule, høg kompetanse og små elevgrupper. Det er ei lita auke av nettoutgifter til kultursektoren per innbyggjar, men kommune ligg under kommunegruppe 2 og Oppland. Besøk på folkebiblioteket er godt sjølv om det er ein liten nedgang frå 2014

Tabell 7-2 Prioriteringar - Opplæring og kultur (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Komm. gruppe 2 2015	Oppland 2015	Landet 2015
	2013	2014	2015			
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223) i prosent av samla nettodriftsutgifter	26,7	27,2	27,3	23,8	23,5	23,6
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	115 226	113 216	128 781	127 966	127 181	132 420
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,8	3,2	2,8	3,4	3,8	3,8

Tabellen viser at kommunen brukar prosentvis meir på grunnskulen enn dei vi samanliknar oss med; Øystre Slidre kommune har høge utgifter på løn (lærartettleik) nye bygg og skuleskyss.

I barnehage er kostnaden for kvart barn høgare enn kommunegruppe 2 og landet. Det er ein forholdsvis stor auke frå 2014, noko som skuldast færre barn per årsverk.

Den delen av kommunen sitt budsjett som vert brukt på kultursektoren, ligg godt under dei vi samanliknar oss med og det er ein nedgang frå 2014 til 2015. Ei forklaring på at kommunen ligg lågt kan vere at mange tilskot til kultur er rekneskapsført på andre område.

Tabell 7-3 Dekningsgrad - Opplæring og kultur (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Komm. gruppe 2 2015	Oppland 2015	Landet 2015
	2013	2014	2015			
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning Enhet: Prosent	10	10	9	9	8	8
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt Enhet: Prosent	19,4	18,8	17,9	17,6	16,1	17,5
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	92,5	92	94	90,2	90,9	90,4
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	49,1	49,1	47,5	24,4	18,3	13,9

Tabellen viser at andelen elevar som treng spesialundervisning har gått ned, og andel timar brukt på spesialundervisning har vorte redusert. Talet på elevar som får spesialundervisning er fortsatt høg, og det vert arbeidd for at fleire elevar skal få god tilpassa undervisning i staden for

spesialundervisning. I kulturskulen får svært mange elevar tilbod om undervisning, men andelen er no redusert for fyrste gong på mange år – dette er ein trend ein også ser elles i landet. Talet på barn 1-5 år med barnehageplass har gått opp samanlikna med tidlegare år, og ligg over dei vi samanliknar med. Kommunen tek inn alle barn som har fylt eitt års dersom foreldra ynskjer plass, sjølv om dette ikkje er pålagt.

Tabell 7-4 Produktivitet/einingskostnader - Opplæring og kultur (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Komm. gruppe 2	Oppland	Landet
	2013	2014	2015	2015	2015	2015
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev Enhet: Kroner	125 932	133 090	142 444	126 778	123 120	112 474
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	156 025	160 488	178 195	170 827	173 401	178 162
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	4 689	5 403	4 992	3 642	3 007	2 159
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370) Enhet: Prosent	0,6	0,5	0,5	0,6	0,6	0,5

Tabellen viser at Øystre Slidre kommune har høgare utgifter til skule enn dei vi samanliknar oss med. Det skuldast m.a. høg lærartettleik, auka avskrivingar til nye skulebygg og høge skysskostnader.

Tabellen viser at utgifter per barn i barnehagen ligg høgt. Dette har samband med tettare bemanning og auka kostnader på bygg. Netto driftsutgifter til folkebibliotek i prosent av samla netto driftsutgifter ligg på om lag same nivå som dei vi samanliknar oss med.

7.1.3 Stillingsramme

Tabell 7-5 Stillingsramme - Opplæring og kultur

Verksemd	2017	2016	Endring
20 - Skule og bhg - administrasjon	2,0	2,0	0,0
211 - ØSUS	19,6	17,7	1,9
212 - Rogne skule	16,5	16,9	-0,4
215 - Lidar skule	18,3	17,9	0,4
217 - BHSS skuleavd.	2,2	2,2	0,0
231 - Tingvang barnehage	8,6	8,3	0,3
232 - Rogne barnehage	11,0	10,6	0,4
236 - Beito barnehage	8,7	9,7	-1,0
25 - Kultur	7,1	7,3	-0,3
28 - Flyktningtenesta	1,8	0,0	1,8
Totalt	95,8	92,6	3,1

Tabell 7-6 Stillingsramme - Skule og bhg. administrasjon

Stilling	2017	2016	Endring
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0
Prosjektstilling fylkeskommunal	1,0	1,0	0,0
Totalt	2,0	2,0	0,0

Tabell 7-7 Stillingsramme - Lærlingtenesta

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Lærling	5,5	7,0	-1,5	Ekstra inntak i perioden 14-16, vakant plass 1. halvår -17
Totalt	5,5	7,0	-1,5	

7.1.4 Økonomiske hovudtal – nettobudsjett per ansvarsområde

Tabell 7-8 Økonomiske hovudtal - Opplæring og kultur (beløp i heile 1000 kr)

Budsjett pr verksemd	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Endring kr	Endring %	Regnskap 2015
OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	7 842	6 717	1 125	16,8	6 210
Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	14 948	13 346	1 603	12,0	12 302
ROGNE SKULE	11 503	11 011	493	4,5	11 101
LIDAR SKULE	13 628	12 309	1 319	10,7	12 187
TINGVANG BARNEHAGE	3 704	4 218	-514	-12,2	3 952
ROGNE BARNEHAGE	5 556	4 481	1 075	24,0	5 474
BEITO BARNEHAGE	4 200	4 360	-160	-3,7	4 228
FLYKTNINGETENESTER	-2 501	-2 048	-453	22,1	-
KULTUR	9 601	9 407	194	2,1	8 678
Sum 2 Opplæring og Kultur	68 481	63 799	4 682	7,3	64 130

Tabell 7-9 Økonomiske hovudtal - Opplæring og kultur felles

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 372 000	4 722 000	4 290 090
KJØP AV VARER OG TENESTER	655 000	649 000	536 530
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	833 000	46 000	71 545
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	2 364 000	1 973 000	1 717 029
OVERFØRINGAR	2 838 000	2 433 000	2 815 447
FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	53 362
Sum utgifter	11 062 000	9 823 000	9 484 001
SALGSINNTEKTER	-10 000	-	-44 389
REFUSJONER	-3 067 000	-3 064 000	-3 010 272
STATSTILSKOT	-143 000	-42 000	-219 699
Sum inntekter	-3 220 000	-3 106 000	-3 274 360
Sum 20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	7 842 000	6 717 000	6 209 642

7.2 Grunnskule

7.2.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Læreplanverket for Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet legg føringar for undervisninga. Det vert lagt vekt på elevane si måloppnåing og Kunnskapsløftet legg såleis sterk vekt på læringsutbyttet.

Stortingsmelding 16 (2006/07) ”.. og ingen sto igjen. Tidleg innsats for livslang læring.”

Meldinga peiker på at dette inneber systematisk vurdering, tilbakemelding og målretta oppfølging av elevane si læring.

Stortingsmelding 31 (2007-08) ”Kvalitet i skolen”

Kvalitet på tenesteområdet inneber motiverte og kvalifiserte tilsette og leiarar. Det må leggast vekt på eit sosialt, fagleg og godt lærings- og oppvekstmiljø.

Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistre grunnleggande ferdigheiter (uttrykke seg munnleg og skriftleg, kunne lese, skrive og bruke digitale verktøy) som gjer dei i stand til å delta vidare i utdanning og arbeidslivet. Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring.

Stortingsmelding 22 (2010-11) ”Motivasjon, mestring og muligheiter”

Det viktige i denne meldinga er ei fornying av ungdomstrinnet. Dette skal skje gjennom ei brei tilnærming til kunnskap og til læring. Innsatsområda som er mest sentrale er: auka valfridom gjennom innføring av valfag, meir praktisk tilnærming til faga, god læring i eit godt læringsmiljø gjennom betre klasseleiing, og betre opplæring i lesing og rekning.

7.2.2 Status

Det er 351 elevar ved grunnskulen i Øystre Slidre. Elevane fordeler seg slik:

- Rogne skule: 132 elevar
- Lidar skule: 112 elevar
- Øystre Slidre ungdomsskule: 107 elevar

Skulane arbeider med klare målsettingar for elevane. Gode tilbakemeldingar og målretta oppfølging av elevane er ein viktig del av dette arbeidet.

Fagresultata i grunnskulen er svært gode. På eksamen i norsk hovudmål og norsk sidemål våren 2016 var resultata betre enn på nasjonalt nivå, men i engelsk var resultatet under nasjonalt nivå. Elevane trivast godt med kvarandre og med lærarane.

Det vert lagt vekt på å utvikle lærarane sin relasjonskompetanse og at dei kan gjere gode pedagogiske analyser. Dei fleste lærarane i kommunen er fagutdanna med unntak av tre. Lærarane har høg kompetanse.

Det vert arbeidd systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med trykk på læring. På 1.- 4 trinn på begge barneskulane ligg det ekstra timerressursar (tidleg innsats) for å kunne sette inn ekstra hjelp der det trengst. Behovet for spesialundervisning har vore redusert noko dei siste åra, det er eit mål at fleire skal få tilpassa opplæring. Det vert arbeidd systematisk for å få til ei slik endring.

Kommunen har eit mål som seier:

- Øystre Slidre kommune skal vere **over snittet i landet** på alle felt knytt til oppvekst og læring.

Det er ikkje alt som kan målast, men på dei områda som *kan* målast, viser tabellane under at målet er nådd i nasjonale prøver i lesing 8. trinn, eksamen i norsk hovudmål og sidemål, og i høve til grunnskulepoeng. Når det gjeld elevundersøkinga, er det noko varierende oppnåing av måla på dei ulike parametrane (sjå tabellane). Alle resultata er grundig gjennomgått og kommentert i tilstandsrapporten som vart drøfta i kommunestyret 25. august 2016.

Tabell 7-10 Resultat nasjonale prøver og grunnskulepoeng

	Øystre Slidre		Oppland	Nasjonalt
	2014-15	2015-16	2015-16	2015-16
Lesing				
5. trinn	51 (3,7)	48 (2,7)	49 (0,4)	50 (0,1)
8. trinn	49 (3,3)	52 (3,0)	49 (0,4)	50 (0,1)
9. trinn	55 (3,0)	52 (3,3)	53 (0,4)	53 (0,1)
Rekning				
5. trinn	49 (3,3)	47 (2,7)	49 (0,4)	50 (0,1)
8. trinn	49 (2,6)	50 (2,7)	50 (0,4)	50 (0,1)
9. trinn	56 (3,5)	52 (2,6)	53 (0,4)	54 (0,1)
Grunnskulepoeng		42,6	40,7	41,2

Tabell 7-11 Eksamenskarakterar

	Øystre Slidre kommune						Oppland	Landet
	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2015-16	2015-16
Norsk hovudmål	3,3		3,6	3,4	3,6	3,7	3,4	3,5
Norsk sidemål	3,3		3,4	3,4	3,2	3,7	3,2	3,2
Matematikk		2,7	3,3	3,2	-	-	3,2	3,3
Engelsk	3,8	3,7			3,8	3,2	3,4	3,6

Tabell 7-12 Resultat frå elevundersøkinga

Indikator og nøkkeltall	Øystre Slidre kommune			Nasjonalt
	2013-14	2014-15	2015-16	2015-16
7. trinn				
Støtte fra lærerne	4,0	4,1	4,1	4,4
Vurdering for læring	3,8	4,2	3,4	3,9
Læringskultur	4,1	4,4	3,9	4,1
Mestring	4,0	4,2	4,1	4,1
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	4,2	3,3	3,8
Mobbing på skolen	1,3	1,3	1,2	1,2
10. trinn				
Støtte fra lærerne	3,9	4,0	4,0	4,0
Vurdering for læring	3,5	3,2	3,5	3,3
Læringskultur	3,9	3,8	4,0	3,8
Mestring	4,1	4,0	4,0	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	3,4	3,4	3,2
Mobbing på skolen	1,3	1,3	1,1	1,2

7.2.3 Tiltak i grunnskulen

- Dei tre skulane fortset arbeidet med «Leiing av læring», det vert arbeidd systematisk med pedagogisk analyse og kollektiv læring i kollegia gjennom erfaringsdeling og refleksjon
- Lærarane nyttar verktøyet «Pedagogisk analyse»
- Det vert arbeidd for å få til eit endå betre samarbeid heim – skule.
- For å sikre gode overgangar frå barnehage til skule er det laga ein plan som vert implementert i barnehage skuleåret 2016-17
- Auka kostnader for å oppfylle nye kompetansekrav vert finansiert av midlane skulane alt har til kompetanseheving
- Stillingsressursen på Rogne skule er auka med 50 % for å styrke norskopplæringa for framandspråklege
- Det er budsjettert med 786 000 kr på investeringsbudsjettet for å erstatte eit feilinnkjøp av PC-ar

7.2.4 Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-13 Stillingsramme Øystre Slidre ungdomsskule

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent skule	1,9	0,9	1,0	Endring i behov
Lærer grunnskule	16,3	15,4	0,9	Endring i behov
Sekretær	0,4	0,4	0,0	
Totalt	19,6	17,7	1,9	

Tabell 7-14 Økonomiske hovudtal - Øystre Slidre ungdomsskule

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 266 000	11 721 000	10 848 420
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 264 000	1 347 000	1 127 409
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	47 000	46 000	161 549
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 354 000	1 158 000	1 068 625
OVERFØRINGAR	-	-	91 792
Sum utgifter	15 931 000	14 272 000	13 297 795
SALGSINNTEKTER	-	-	-13 182
REFUSJONER	-821 000	-926 500	-728 565
STATSTILSKOT	-162 000	-	-254 100
Sum inntekter	-983 000	-926 500	-995 847
Sum 21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	14 948 000	13 345 500	12 301 948

7.2.5 Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-15 Stillingsramme - Rogne skule

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,3	0,3	0,0	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent skule	1,9	1,8	0,1	Endring i behov
Lærer grunnskule	13,1	13,7	-0,5	Endring i behov
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
Totalt	16,5	16,9	-0,4	

Tabell 7-16 Økonomiske hovudtal - Rogne skule

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	10 442 000	10 664 000	10 885 641
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 152 000	1 297 000	1 046 857
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	219 000	36 000	325 745
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 315 000	1 106 000	1 026 831
OVERFØRINGAR	-	-	95 904
Sum utgifter	13 128 000	13 103 000	13 380 978
SALGSINNTEKTER	-400 000	-299 000	-298 015
REFUSJONER	-1 225 000	-1 793 500	-1 958 803
STATSTILSKOT	-	-	-23 548
Sum inntekter	-1 625 000	-2 092 500	-2 280 366
Sum 22 ROGNE SKULE	11 503 000	11 010 500	11 100 612

7.2.6 Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-17 Stillingsramme Lidar skule

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Rektor	0,8	0,8	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,7	1,0	-0,2	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent skule	2,3	2,1	0,2	Endring i behov
Lærer grunnskule	14,2	13,7	0,5	Endring i behov
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
Totalt	18,3	17,9	0,4	

Tabell 7-18 Stillingsramme Beitostølen helsesportsenter, skuleavdeling

Stilling	2017	2016	Endring
Rektor	0,2	0,2	0,0
Lærer BHSS	2,0	2,0	0,0
Totalt	2,0	2,0	0,0

Tabell 7-19 Økonomiske hovudtal - Lidar skule

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	11 487 000	11 211 000	10 887 328
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 789 000	1 246 000	1 378 969
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	262 000	32 000	234 330
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 143 000	962 000	893 040
OVERFØRINGAR	-	-	63 928
Sum utgifter	14 681 000	13 451 000	13 457 596
SALGSINNTEKTER	-283 000	-397 000	-291 931
REFUSJONER	-720 000	-745 000	-925 312
STATSTILSKOT	-50 000	-	-53 560
Sum inntekter	-1 053 000	-1 142 000	-1 270 803
Sum 23 LIDAR SKULE	13 628 000	12 309 000	12 186 793

7.3 Barnehage

7.3.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Lov om barnehagar med Forskrift om rammeplan

Denne er styrande for barnehagen sitt samfunnsmandat, innhald og oppgåver. Barnehagen skal ha ein helsefremmande og ein førebyggjande funksjon, og skal bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Innhaldet skal bygge eit heilskapleg læringssystem der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse, samt sju fagområde, viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Lov om barnehagar, § 12, lovfestar rett til barnehageplass når barnet fyller eitt år før utgangen av august.

Rammeplanen gjev barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av si verksemd. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplane til lokale tilhøve.

St. meld. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen.

Regjeringa har valt tre hovudområde for kvalitetsarbeidet i barnehagen:

1. Sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar
2. Styrke barnehagane som læringsarena
3. Alle barn skal få delta i eit aktivt i eit inkluderande fellesskap

7.3.2 Status

Per 31.08.15 hadde 106 barn plass i dei kommunale barnehagane i Øystre Slidre:

- Beito barnehage: 34 barn
- Rogne barnehage: 44 barn
- Tingvang barnehage: 28 barn

I tillegg hadde 22 barn plass i Heggebø private barnehage.

Samla har kommunen nok personell med pedagogisk kompetanse i barnehagane.

Kommunestyret vedtok i sak 020/07 ”Organisering av barnehagetilbodet i Øystre Slidre”, m.a. følgjande:

Øystre Slidre skal ha full barnehagedekning og Rådmannen har fullmakt til å bemanne etter behov.

Som ein konsekvens av kommunestyrevedtaket, tek kommunen inn nye barn i barnehagane gjennom heile året (sjølv om hovudopptaket skjer på våren). Bemanninga vert justert opp og ned etter behovet gjennom året. På denne måten er det i prinsippet aldri overbemanning i barnehagen, men det er også vanskeleg i økonomiplanen å fastslå med sikkerheit kor stor bemanning det er behov for i komande år og i økonomiplanperioden.

Kompetanse på å arbeide med språkutvikling hos barnehagebarn er auka gjennom at alle pedagogane har hatt tilbod om å delta på systematisk kompetanseheving. Dei tilsette i barnehagane er opptekne at kvart barn vert sett, høyrte og vist omsorg.

7.3.3 Tiltak i barnehagen

- Tildele barnehageplass etter fylte eitt år. Barnehagen er open 10 timar om dagen
- Kontinuerleg justere bemanning etter talet på plassar i barnehagen
- Stillingsressursen i Tingvang barnehage er auka med 50 % for å kunne styrke norskopplæringa for framandspråklege
- Det er ein styrar og fem pedagogiske leiarar som tek vidareutdanning i leining (30 studiepoeng)
- Samarbeidet om kompetanseheving og kvalitetsutvikling av barnehagane i valdresregionen held fram
- Det pedagogiske utviklingsarbeidet i barnehagane har no fokus på «Arbeid med språkmiljø og språkstimulering i barnehagen». Dette er eit refleksjonsverktøy som involverer alle dei tilsette i kollektiv læring

7.3.4 Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-20 Stillingsramme Tingvang barnehage

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	0,9	0,1	Teknisk justering
Fagarbeidar/assistent	4,5	4,6	-0,1	Teknisk justering
Pedagogisk leiar	3,1	2,8	0,3	Endring i behov
Totalt	8,6	8,3	0,3	

Tabell 7-21 Økonomiske hovedtal - Tingvang barnehage

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 080 000	5 185 000	5 183 317
KJØP AV VARER OG TENESTER	208 000	194 000	226 597
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	16 000	16 000	11 852
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	78 000	66 000	63 715
OVERFØRINGAR	-	-	38 109
Sum utgifter	5 382 000	5 461 000	5 523 590
SALGSINNTEKTER	-838 000	-874 400	-927 362
REFUSJONER	-840 000	-369 000	-644 654
Sum inntekter	-1 678 000	-1 243 400	-1 572 017
Sum 25 TINGVANG BARNEHAGE	3 704 000	4 217 600	3 951 573

7.3.5 Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-22 Stillingsramme Rogne barnehage

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	5,0	5,5	-0,5	Endring i behov
Pedagogisk leiar	5,0	4,1	0,9	Endring i behov
Totalt	11,0	10,6	0,4	

Tabell 7-23 Økonomiske hovedtal - Rogne barnehage

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	6 688 000	6 020 000	6 614 708
KJØP AV VARER OG TENESTER	262 000	245 000	356 061
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	23 000	22 000	620 170
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	78 000	66 000	60 815
OVERFØRINGAR	-	-	206 406
Sum utgifter	7 051 000	6 353 000	7 858 159
SALGSINNTEKTER	-1 163 000	-1 341 900	-1 255 032
REFUSJONER	-332 000	-530 400	-896 820
FINANSINNTEKTER	-	-	-232 692
Sum inntekter	-1 495 000	-1 872 300	-2 384 543
Sum 26 ROGNE BARNEHAGE	5 556 000	4 480 700	5 473 616

7.3.6 Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-24 Stillingsramme Beito barnehage

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	4,9	5,7	-0,8	Endring i behov
Pedagogisk leiar	2,8	3,0	-0,2	Endring i behov
Totalt	8,7	9,7	-1,0	

Tabell 7-25 Økonomiske hovudtal - Beito barnehage

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 100 000	5 488 000	5 228 406
KJØP AV VARER OG TENESTER	256 000	240 000	231 782
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	15 000	15 000	20 671
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	78 000	66 000	60 815
OVERFØRINGAR	-	-	41 392
Sum utgifter	5 449 000	5 809 000	5 583 067
SALGSINTEKTER	-999 000	-1 016 700	-1 052 216
REFUSJONER	-250 000	-432 800	-302 407
Sum inntekter	-1 249 000	-1 449 500	-1 354 623
Sum 27 BEITO BARNEHAGE	4 200 000	4 359 500	4 228 445

7.4 Kultur

Verksemda omfattar:

- Kultur
- Kulturskule
- Bibliotek
- Frivilligsentralen
- Ungdomsklubb
- Furustrand

7.4.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Kulturlova § 1

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Kulturløftet I & II (2005-2009&2009-2014)

Kulturløftet hevar kulturen sin status som samfunns- og politikkområde. Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har kultur stor betydning for andre samfunns mål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Rammeplan for kulturskolen – Mangfold og fordypning

Rammeplanane er eit grunnlagsdokument for utvikling av standardar og lokale læreplanar for kulturskolen.

7.4.2 Status

Kulturskulen

Kulturskulen gjev eit breitt tilbod i musikk, dans og visuell kunst. 190 elevar får undervisning kvar veke i eigne lokale (over biblioteket), samt på Lidar og Rogne skule. Kommunale barnehagar

får musikkbarnehage kvar veke. I samarbeid med sjukeheimen er det songstunder for bebuarane to gonger kvar veke.

Regionale midlar gjer det mogeleg å støtte kulturaktivitetar retta mot klassisk musikk og folkemusikk.

Det er venteliste på gitar, song og slagverk. Barnetalet totalt i kommunen går svakt ned og dette vert og synleg i søkinga til kulturskulen. Dette gjer ventelistene kortare, og ivrige elevar kan få ekstra ressursar og tid. Kulturskulen har høg aktivitet og mange eigne førestillingar gjennom året. I tillegg blir elevane ofte spurt om å opptre på ulike arrangement både i og utanfor kommunen. Kulturskulen driv billig per elev.

Ny rammeplan for kulturskular er nett vedteken. Arbeidet med å implementere denne er i gang.

Biblioteket

Biblioteket har gode lokale, stort besøk og høgt utlån. Skulebiblioteka på Rogne og Lidar skule fungerer bra og gjev høve til direkte formidling til barn og unge. I tillegg til ordinær verksemd arbeider biblioteket med følgjande satsingsområde:

- Spelerom – vi halverar magasinet for å gje plass til eit «gamingrom» for ungdom.
- Lære data i biblioteket, opplæring for eldre i bruk av PC og Internett.
- «Lån ein innbyggjar» – samtaler med flyktningar over ein kaffikopp i biblioteket.
- «Lått og leven» – song, dans og eventyrstund for barn i aldersgruppa 3 – 8 år.

Ungdomsklubb

Ungdomsklubben er eit stabilt og godt tilbod, med jamt høgt besøkstall. Planer om «Kulturarena Tingvang», med nytt ungdomshus og eit uteområde rundt som kan innehalde både scene, amfi, rockeklubb og skatepark skapar stor entusiasme. Ungdommens kulturhus «Gapahuken» er inne i investeringsbudsjettet og skal etter planen stå ferdig i 2017.

Kultur og idrett

«Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken» gjev gode kulturtilbod til skuleelevar og til eldre. Lag og organisasjonar har moglegheit til å søkje kulturtilskott – i budsjettet for 2017 er det sett av 824 000 kr til dette.

Idrettslag får hjelp til å søkje eksterne spelemiddel til idrettsanlegg, og kan også søkje frå kommunale middel.

Fjellstafetten har i 15 år vore eit veldig godt tiltak for å få folk ut på tur, og fenger både fastbuande og tilreisande. 508 fullførte heile stafetten i 2016.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har mange hjelpeoppdrag og tilbod, 13 faste aktivitetar og mange enkeltarrangement. Desse møteplassane er viktige, dei er både helsefremmande, inkluderande og famnar om mange målgrupper. Frivillig arbeid er nøkkelen til å løyse mange av framtida sine samfunnsoppgåver. Tilskotet frå staten på 365 000 kr ligg no i ramma. Tilskotet skal trappast ned over ein 4-årsperiode.

Furustrand

Friluftsområde med sandvolleyballbane, bord og benker, grill og bålpanne, nytt stupetårn/flytebrygge, båtar og kano/kajakk. Kiosken er open på sumartid.

Kulturtilskott

Tabell 7-26 Kulturtilskott i Øystre Slidre kommune

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
Tilskott til idrett og friluftsliv	1 046 000	1 037 000	685 879
Aktivitet for born og unge	135 000	135 000	120 603
Musikk og andre kulturtiltak	530 000	532 000	727 534
Museum	120 000	120 000	95 970
Sum	1 831 000	1 824 000	1 629 986

7.4.3 Stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-27 Stillingsramme kultur

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar/ektor	1,0	1,0	0,0	
Bibliotekar	0,8	0,8	0,0	
Biblioteksjef	0,5	0,5	0,0	
Kulturkonsulent	0,2	0,2	0,0	
Kulturskulelærer	3,3	3,6	-0,3	Forhold mellom kjøp og sal av tenester
Leiar	0,3	0,3	0,0	
Frivilligsentralen	0,3	0,3	0,0	
Medarbeidar	0,3	0,3	0,0	
Ungdomsarbeidar	0,7	0,7	0,0	
Totalt	7,1	7,3	-0,3	

Tabell 7-28 Økonomiske hovudtal - Kultur

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 422 000	4 433 000	4 029 099
KJØP AV VARER OG TENESTER	606 000	595 000	667 029
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	683 000	666 000	713 251
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	643 000	609 000	605 823
OVERFØRINGAR	4 661 000	4 746 000	6 149 090
FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	38 507
Sum utgifter	11 015 000	11 049 000	12 202 798
SALGSINNTEKTER	-1 113 000	-1 089 000	-1 128 481
REFUSJONER	-85 000	-40 000	-319 985
STATSTILSKOT	-116 000	-413 000	-2 048 698
FINANSINNTEKTER	-100 000	-100 000	-27 835
Sum inntekter	-1 414 000	-1 642 000	-3 525 000
Sum 29 KULTUR	9 601 000	9 407 000	8 677 799

7.4.4 Tiltak

Den «nye» kulturavdelinga har etablert eit godt samarbeid mellom kultur, kulturskule, bibliotek og frivilligsentralen, og arbeider for å styrke det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

Kulturskule

- Ny rammeplan for kulturskulen er vedtatt og skal no implementerast
- Prøver å gå nye vegar for å rekruttere elevar til korpsaktivitet
- Satsar på den unike ubrotne folkemusikktradisjonen vår, med særleg vekt på langeleik

Kultur

- Utvikle tilboda på ungdomsklubben for å sikre det gode miljøet som har vokse fram der
- Sikre gode planer for nytt ungdomshus
- Mekketilbodet MixMax treng gode lokale
- Laga kulturminneplan
- Renovere golv i festsalen
- Utvikle samarbeidet mellom kultur og frivillig arbeid
- Fortsette med «Stølsveko», eit godt tilbod til born og ungdom i august og eit bra samarbeid mellom helse, landbruk, fjellstyre, næring og frivillige

Kyrkjeleg fellesråd

Ramma for fellesrådet er for 2017 auka med 3 % løns- og prisvekst. Ramma vert då 2 680 000 kr. Utgangspunkt er budsjettet for 2016, utan ekstraløyving på 165 000 kr til 800-årsjubileet til Hegge kyrkje. Denne løyvinga gav stor valuta med mange flotte arrangement og gode opplevingar.

Fellesrådet driv eit systematisk og godt arbeid. Arbeidet med festeavtaler på kyrkjegardane held fram. Til ekstraordinære tiltak på kyrkjene brukar fellesrådet av sitt bundne fond.

Fellesrådet sitt disposisjonsfond har per 07.11.16 auka med 500 910 kr i løpet av 2014 og 2015. Budsjettet for 2016 tek høgde for bruk av disposisjonsfondet med 580 000 kr.

7.5 Flyktingtenesta

7.5.1 Status

I løpet av 2016 har arbeidet med flyktingane i kommunen vorte styrka med ei 100 % stilling til integreringskonsulent. I tillegg er ei rådgjevarstilling på 80 % flytta frå planavdelinga. Erfaringar viser at det krev mykje å legge til rette for flyktingane og å fylgje dei opp.

Det er heile tida ei utfordring å skaffe bustadar. Det å ha mogelegheit til å leige leilegheiter i bankbygget og i gamle samvirkelaget i Skammestein har vore viktige bidrag for å få bustadkabal til å gå opp. Kommunen har også kommunale leilegheiter som vert nytta, i tillegg til at kommunen har framleige av private leilegheiter.

I hovudsak har flyktingane god oppfylgning frå helsetenesta. Det er nødvendig å bruke tolk for å kunne informere, rettleie og kommunisere, samt å kvalitetssikre tenestene.

Kommunen tilbyr barnehageplassar slik at foreldre kan starte på introduksjonsprogram så raskt som mogeleg. I budsjettet for 2017 er det lagt inn ein språkressurs i barnehagen for å kunne styrke norskopplæringa.

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og skulen gjev tilbod om norskopplæring. I budsjettet for 2017 er det lagt inn ein språkressurs i skulen for å kunne styrke norskopplæringa. Dersom kommunen kan skaffe lærar eller assistent i morsmåloplæring, har flyktingbarna krav på å få det til dei meistarar norsk.

Integreringskonsulenten arbeider på tvers av sektorar for å få til god løysingar og opplegg som kan bidra til ei god integrering av flyktingane. Dei frivillige fadrane er også viktige i integreringsarbeidet. Frivillige lag og foreiningar og idrettslag er viktige for integrering og fritidsaktivitetar. Også her spelar fadrane ei viktig rolle. Dei inviterer flyktingane med i organisasjonslivet og på aktivitetar som turar, trening, aktivitetsdagar, dugnadar og liknande.

I tillegg har integreringskonsulenten brukt mykje tid på å skaffe språkpraksisplassar i kommunen til flyktingane – dette er i samarbeid med Nord-Aurdal kommune der Øystre Slidre m.a. kjøper introduksjonstenest (opplæring i norsk og samfunnsfag). I undervisningsopplegget er språkpraksis

to dagar ein viktig del av opplæringa. Det er eigne programrådgjevarar som fylgjer opp flyktningar som har språkpraksis.

Statistikk frå NAV viser at det kan vere utfordringar i samband med overgang til arbeid etter avslutta introduksjonsprogram. Norskopplæring i kombinasjon med arbeidspraksis er viktig tiltak i introduksjonsprogrammet for kvalifisering til arbeid.

Det må arbeidast kontinuerleg med å skaffe språk- og arbeidspraksisplassar. Det er ei utfordring å skaffe slike plassar til alle deltakarane i introduksjonsprogrammet, i konkurranse med andre som også treng dette. Kommunen bør stille praksisplassar til disposisjon.

For 2017 har vi føresett eit nivå på mottak som i 2016 som er 10, i tillegg til ei familiegjenforeining på seks. Det kan vert fleire familiegjenforeiningar.

Vi har auka driftsposten, då fleire skal busettast. Kostnadane for deltaking i introduksjonsprogrammet er om lag 80 000 kr per flyktning når vi kjøper teneste frå Nord-Aurdal kommune. Det er i gang eit arbeid for å vurdere korleis flyktningtenesta med introduksjonsprogram skal organiserast i Øystre Slidre kommune.

Flyktningtenesta er budsjettert med eit overskot på 2 mill. kr.

7.5.2 Stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-29 Stillingsramme - Flyktningtenesta

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Rådgjevar	0,8	0,0	0,8	Overført frå plan
Flyktningkonsulent	1,0	0,0	1,0	Ny stilling frå januar -16
Totalt	1,8	0,0	1,8	

Tabell 7-30 Økonomiske hovudtal - Flyktningtenesta

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 655 000	5 709 000
KJØP AV VARER OG TENESTER	308 000	25 000
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	1 045 000	350 000
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	3 210 000	2 676 000
Sum utgifter	10 218 000	8 760 000
REFUSJONER	-14 000	-
STATSTILSKOT	-12 705 000	-10 808 000
Sum inntekter	-12 719 000	-10 808 000
Sum 28 FLYKTNINGETENESTER	-2 501 000	-2 048 000

8 Helse og omsorg

8.1 Felles for området

8.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for helse- og omsorgsområdet:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimebuande og i institusjon.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonane er i den nye Folkehelselova.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får moglegheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.
- Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling
- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

8.1.2 Sentrale føringar og utviklingstrekk

St.meld. nr. 25 (2015-2016) – Mestring, muligheter og mening

Omsorgsmeldinga og andre relevante føringar peikar på fleire utviklingstrekk for åra framover. Talet på personar i den eldste delen av befolkninga (80+) vil halde seg stabilt fram mot 2020. I løpet av perioden 2020-2030, vil talet på eldre auke betrakteleg og medføre utfordringar for kommunen.

St.meld. nr. 47 (2007-2008) – Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma stiller krav til kommunane om større ansvar for helsefremmande, førebyggjande arbeid og behandlingstilbod. Forventningar som kjem fram i stortingsmeldinga, går i retning av meir observasjon av pasientar i staden for innlegging. Det er også ei klar forventning om at kommunen skal kunne etterbehandle og rehabilitere etter sjukehusopphald, før pasienten blir utskriven til eigen heim. Alle desse forventningane gjer at kommunane i distrikta må tenkja nytt og samarbeide for å sikre den kompetansen og fleksibiliteten som skal til for å handtere dei nye utfordringane. Gjennom samhandlingsreforma legg regjeringa til grunn at kommunane sjølve må finne fram til eigna samarbeidsformer for å sikre at ressursar og kompetanse blir utnytta på

best mogleg måte. I den nye helse- og omsorgstenestelova er det nærare definert kva ansvar kommunane har.

St.meld. nr 16 (2015-2016) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2015- 2020)

Dette er eit verktøy for fagleg og politisk styring i perioden. Plana skildrar nærare samhandlings-reforma sine mål og virkemiddel.

Demensplan 2020

Dette er ein delplan til omsorgsplan 2015. Den skildrar ei av dei største utfordringane vi står overfor dei neste 10-15 åra. Talet på personar med ulike demenslidingar vil auke betrakteleg, og dette vil bli ei utfordring for den enkelte kommune.

Kompetanseløftet 2020

Med bakgrunn i bemanningsutfordringane i den kommunale helse- og omsorgstenesta, er det utarbeida ei kompetanse- og rekrutteringsplan; Kompetanseløftet 2020. Denne plana er også ei delplan til omsorgsplan 2015. Plana skal gjelde fram til 2020 og inneheld strategiar og tiltak som også skal møte dei demografiske utfordringane fram mot 2050.

8.1.3 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

Tabell 8-1 Kvalitetsindikatorar - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Komm. gruppe 2 2015	Oppland 2015	Landet 2015
	2015	2014	2013			
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,7	0,5	0,6	0,4	0,61	0,53
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,5	0,4	0,4	0,4	0,33	0,4
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst i prosent	83,0	105,0	103,0	101,0	95,0	83,0

Både fysioterapi- og legetimar per brukar per veke har auka i 2015. Dette i hovudsak fordi dei fem romma vi etablerte som ei mellombels løysing på sjukeheimen vart avvikla i tidleg i mars 2015. Det er også slik at to av dei minste romma som eigentleg ikkje var store nok til pasientrom, vart slått saman med tilstøytande vaktrom. Dette har ført til at det er færre pasientar å fordele timane på, noko som er hovudårsaka til auka i statistikken.

I Øystre Slidre hadde vi 27 fødselar i 2015. Leiande helsesyster opplyser at alle desse fekk heimebesøk av helsesyster innan to veker etter heimkomst, så talet i KOSTRA-tabellen er openbart feil.

Tabell 8-2 Dekningsgrader - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr2 2015	Oppland 2015	Landet 2015
	2015	2014	2013			
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	25,0	29,0	25,0	25,0	26,0	19,0
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	95,0	111,0	134,0	83,0	82,0	69,0
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	383,0	340,0	361,0	378,0	350,0	331,0
Legeårsverk pr 10 000 innb., kom.helsetj.	12,5	11,9	11,9	12,9	11,9	10,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,0	9,7	9,7	10,5	11,3	9,0
Andel undersøkelser med beh.tid innen 3 mnd. i barnevernet	89,0	62,0	33,0	76,0	78,0	83,0

Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	3,7	3,7	3,5	-	-	4,8
Antall sosialhjelpsmottakere	85,0	84,0	90,0	-	92	313
Andelen sos.hjelpsmot. i forhold til innbygg	2,6	2,6	2,8	-	-	2,6
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år av dei som mottek øk.sosialhjelp.	4,7	7,0	7,2	..	..	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	4,2	2,7	2,8	-	-	-
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	4,4	4,9	5,0	-	-	-

Det var ein stor vekst i andelen mottakarar av heimetenester i gruppa 0-66 år i 2014. I 2015 har denne gått ned att til 2013-nivå. Gruppa 67-79 er fortsatt i markant fall, men ligg fortsatt godt over kommunegruppa og landet. Når det gjeld gruppa over 80 år, ser vi at Øystre Slidre har hatt ein stor vekst i 2015. Dette betyr at den eldste delen av befolkninga får større andel av tenestene enn tidlegare, noko som o.a. gjev utslag på trongen for tenestar i øvre sjikt av omsorgstrappa (som t.d. sjukeheimplass, eller omsorgsbustad med bemanning).

Barnevernet har gjort endringar i prioriteringane sine, noko som har slått ut i færre frist-oversittingar på undersøkingar. I 2015 vart 89 % av undersøkingane avslutta innan fristen, som er tre månader.

Det er gledeleg at talet på sosialhjelpsmottakarar mellom 18- 24 år går nedover. Det har vore eit særskilt fokus i NAV på denne gruppa, og dette gjev no resultat. Dei som framleis tek i mot økonomisk sosialhjelp går lenger på stønad enn tidlegare.

Tabell 8-3 Bruksrater og brukarsamansetting - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr2	Oppland	Landet
	2015	2014	2013	2015	2015	2015
Andel heimetenestemottakarar med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	15,4	14,7	15,4	16,7	17,1	19,8
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	31,7	23,4	24,1	13,1	12,9	13,9
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over	28,8	17,3	17,9	11,9	14,5	12,5
Gjsnitt. antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	5,6	5,5	4,7	8,5	9,0	9,5
Gjsnitt. antall tildelte timer pr uke hjemmesykepleie	8,2	3,7	4,5	4,4	4,2	4,6
Gjsn. Ant. tildelte timer i uken. Brukere utenfor inst.	11,1	7,3	7,3	9,5	9,8	10,6

I denne tabellen kan vi lese utviklinga når det gjeld bistandsbehov, samt utmåling av heimetenestene. Bistandsbehovet i den «yngste» gruppa er på det jamne, og ligg under kommunegruppa og Oppland. For gruppa 67 – 79 år har bistandsbehovet auka med 26 %. For den eldste gruppa (dei over 80 år), har bistandsbehovet auka med 40 %. Resultatet av dette ser vi på talet på tildelte timar heimesjukepleie, som har auka med 54 %. Dette betyr at talet på tildelte timar i samla i heimetenestene har auka med 34 % i 2015.

Kommunen tildeler i aukande grad fleir timar praktisk bistand per brukar per veke. Dette er ei bevisst handling med mål om ei «normalisering» mot nivået i kommunegruppa. Kommunen hadde ein praksis som førte til at mange fekk tildelt praktisk bistand, men få timar. No er det færre som får, men dei som får, blir tildelt fleire timar. Dette gjeld også tildelte timar i heimesjukepleia i forhold til talet på brukarar.

Tabell 8-4 Produktivitet og einingskostnader - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr2 2015	Oppland 2015	Landet 2015
	2015	2014	2013			
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	809 698	808 558	767 326	987 637	1 049 695	104 513
Netto driftsutg til forebygging, helsestasj.- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	10 684	9 465	9 105	9 611	9 666	7 803
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	2 536	2 392	2 338	2 459	2 416	2 175
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	425 832	408 033	377 574	351 206	357 191	377 984
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	109 207	108 384	104 882	109 535	106 985	111 678

Ein ser ei svak auke i driftsutgifta på institusjon i 2015. Likevel er det slik at ein institusjonsplass i Øystre Slidre kostar 177 000 kr mindre en snittet i kommunegruppa.

Kommunen fortset å auke satsinga på førebygging til born og unge i 2015. Vi ligg godt over snittet på dette viktige området. Kommunen meiner det er viktig å satse på førebyggjande tiltak for denne aldersgruppa, fordi ein veit at levevanar og holdningar til sunnheit blir skapte tidleg i livsløpet. Denne satsinga vil halde fram i 2017.

Utviklinga med at vi har fått fleire over 80 år med store bistandsbehov, dreg opp kostnadane til denne gruppa, og viser ei auke med 11,3 % frå 2013 til 2015.

8.1.4 Stillingsramme

Tabell 8-5 Stillingsramme - Helse og omsorg

Verksemd	2017	2016	Endring
Helse og velferd - administrasjon	1,0	1,0	0,0
Systemkontor	1,8	1,8	0,0
Helseavdelinga	19,8	18,8	1,0
Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)	59,9	59,7	0,2
Miljøtenesta	17,0	18,3	-1,4
Totalt	99,5	99,6	-0,2

Tabell 8-6 Stillingsramme - Helse og omsorg - administrasjon

Stilling	2017	2016	Endring
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0
Totalt	1,0	1,0	0,0

Tabell 8-7 Stillingsramme - Systemkontor

Stilling	2017	2016	Endring
Avdelingsleiar	1,0	1,0	0,0
Sekretær	0,8	0,8	0,0
Totalt	1,8	1,8	0,0

8.1.5 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-8 Økonomiske hovudtal - Helse og omsorg (beløp i 1000 kr)

Budsjett pr verksemd	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Endring kr	Endring %	Regnskap 2015
HELSE OG OMSORG FELLES	5 438	5 631	-193	-3,4	3 821
HELSETENESTA	16 078	14 892	1 186	8,0	14 536
SOSIALE TENESTER	11 032	10 918	114	1,0	7 116
IHT	42 941	41 120	1 821	4,4	39 839
MILJØTENESTA	14 010	13 191	819	6,2	12 200
Sum 3 Helse og Omsorg	89 499	85 752	3 747	4,4	77 511

Tabell 8-9 Økonomiske hovudtal - Helse og omsorg felles

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	2 096 000	2 056 000	1 716 552
KJØP AV VARER OG TENESTER	85 000	91 000	94 218
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	10 000	10 000	18 429
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	3 252 000	3 454 000	2 051 665
OVERFØRINGAR	20 000	20 000	18 508
Sum utgifter	5 463 000	5 631 000	3 899 373
SALGSINNTEKTER	-	-	-4 392
REFUSJONER	-25 000	-	-13 605
FINANSINNTEKTER	-	-	-60 780
Sum inntekter	-25 000	-	-78 777
Sum 30 HELSE OG OMSORG FELLES	5 438 000	5 631 000	3 820 595

8.2 Helseavdelinga

8.2.1 Status

Helseavdelinga har fokus på at samhandling og deling av kunnskap skal bidra til gode førebyggjande tenester og samanhengande behandlingssløp. Avdelinga har eigen administrativ leiar, i tillegg fagleiarar med ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda. Helsestasjonen har tilsett to nye sjukepleiarar som er i gang med helsesøsterutdanning.

Helsestasjonen og Psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familiar, og dei har auka kompetansen på dette feltet for å stå best mogeleg rusta til å møte utfordringane.

Dagaktivitetstilbodet for heimebuande demente har vore under oppbygging sidan 2013. Vi har fått 1 mill. i tilskottsmidlar frå staten til opparbeidinga av tilbodet. Det er p.t. 13 brukarar i dagtilbodet, som er eit svært viktig avlastande tiltak for pårørande til demente i tidleg fase. Brukarane blir henta og kjørt heim med «Festus 3», noko som truleg er ein av suksessfaktorane i tilbodet.

Helseavdelinga har dyktige tilsette med lang erfaring og god kompetanse, men gjennomsnittsalderen er høg, og det må settast fokus på rekruttering for å sikre kontinuiteten i tenestene.

Avdelinga leverer gode tenester, men har utfordringar i å til ei kvar tid ha ledig kapasitet. Dette gjeld særleg for legetenestene og i dagtilbod for heimebuande demente.

8.2.2 Stillingsramme

Tabell 8-10 Stillingsramme - Helseavdelinga

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Aktivitør	3,0	2,0	1,0	Ny stilling dagtilbod demente
Fagarbeidar/assistent	2,8	2,8	0,0	
Fysioterapeut	0,6	0,6	0,0	
Helsesyster	2,0	2,0	0,0	
Kommunelege	0,9	0,9	0,0	
Legesekretær	2,6	2,6	0,0	
Leiar friskliv/folkehelse	0,7	0,7	0,0	
Psykiatrisk sjukepleiar	2,0	3,0	-1,0	Overført til hjelpepleiar
Psykiatrisk hjelpepleiar	1,6	0,6	1,0	Overført frå sjukepleiar
Sjukepleiar legekantoret	1,7	1,7	0,0	
Turnuslege	1,0	1,0	0,0	
Totalt	19,8	18,8	1,0	

8.2.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-11 Økonomiske hovudtal - helseavdelinga

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 036 000	12 353 000	11 774 233
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 072 000	1 070 500	1 192 285
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	202 000	352 000	349 009
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	4 328 000	3 820 000	3 928 492
OVERFØRINGAR	83 000	83 000	280 861
FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	6 269
Sum utgifter	18 721 000	17 678 500	17 531 148
SALGSINNTEKTER	-655 000	-790 000	-724 955
REFUSJONER	-1 353 000	-1 380 000	-1 551 259
STATSTILSKOT	-635 000	-616 800	-638 800
FINANSINNTEKTER	-	-	-80 412
Sum inntekter	-2 643 000	-2 786 800	-2 995 425
Sum 31 HELSETENESTA	16 078 000	14 891 700	14 535 722

8.2.4 Tiltak

- Det er løyvd 500 000 kr til ei styrking av bemanninga i dagtilbodet for demente på Vindestogo, slik at ein kan drifte denne med fem brukarar, fem timar per dag, fem dagar i veka.
- Det blir oppretta ein ny fastlegeheimel i 2017. Oppstart i denne er planlagt til andre halvår. Det er ikkje lagt inn ekstra midlar til denne, då det er lagt til grunn at dette er eit 0-spel.

8.3 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

8.3.1 Status

IHT er ei stor eining som inneheld heimebaserte og institusjonsbaserte tenester.

Tenestene omfattar:

- Sjukeheim
- Heimesjukepleie
- Praktisk bistand/heimehjelp

Som vist i tabellane i dette dokumentet, er vi inne i ei tid der andelen tenestemottakarar med behov for omfattande tenester aukar sterkt i den eldste delen av befolkninga. Dette set press på tenestene som blir levert i IHT. KOSTRA-tabellane viser at den største veksten i pleieytinga vår er retta mot den eldste delen av innbyggjarane våre. For den eldste gruppa, dei over 80 år, har bistanndsbehovet auka med 40 %.

Kommunen har satsa på å styrke heimebaserte tenester med tanke på at flest mogleg kan bu heime så lenge det følast trygt for den einskilde og dei pårørande. I samband med dette er det svært viktig å kunne gje dei pårørande eit tilbod om eit pusterom, gjennom å kunne ta inn den sjuke på eit avlastningsopphald på sjukeheimen. Vi ser ei sterk auke i søknad om avlastningsplass, og det er utfordrande å kunne stille med eit tilbod raskt nok.

Eit resultat av at fleire bur heime lenger, er at når nivået på tenesta vi evnar å setje inn heime ikkje lenger er tilstrekkeleg, er ofte neste nivå langtidsplass på sjukeheimen.

Heimetenesta har som tidlegare mange brukarar og låge kostnader. Det er viktig at vi også i 2017 prioriterer førebyggjande tiltak i større grad for brukarar som er i fare for å utvikle sjukdom. Mange treng oppfølging av ernæring, fallførebyggjande tiltak, medisinar og hjelp til å hindre utvikling av sår. Dette må setjast i system for å lukkast.

Kommunen opplever aukande etterspørsel etter heimesjukepleie både hjå eldre, ungdom, unge funksjonshemma, kronikarar, rusmisbrukarar og i palliativ pleie.

I tillegg er det auka etterspørsel etter heimesjukepleie i helger og feriar, då mange besøkande oppheld seg på hytter i Øystre Slidre kommune.

Det er svært viktig å få ei rask avklaring på kva skjebne sjukeheimsbygget får. Det er knytt utfordringar til at bygget har eit ventilasjonssystem som er frå 1980-talet, som bidreg til eit inneklima som ikkje gagnar marginale pasientar som ofte er prega av kols eller andre lunge-/luftvegsproblem. Mange av dei tilsette klagar og på turr og dårleg inneluft.

Omsorgsbustadane på Øvre Moen er også frå ei tid med heilt andre krav til universell utforming og ikkje minst branntekniske krav. Dei eldste delane er frå syttitalet.

8.3.2 Stillingsramme

Tabell 8-12 Stillingsramme - Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Ambulerande vaktmeister	0,9	0,9	0,0	
Ergoterapeut	1,0	1,0	0,0	
Fysioterapeut	0,8	0,8	0,0	
Heimehjelp	1,9	1,9	0,0	
Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar heimetenesta	9,7	9,1	0,7	Teknisk justering
Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar sjukeheimen	22,0	21,9	0,1	Teknisk justering
Kjøkkensjef	1,0	1,0	0,0	
Kokk	2,5	2,5	0,0	
Sjukepleiar heimetenesta	8,6	9,3	-0,6	Teknisk justering
Sjukepleiar sjukeheimen	9,6	9,6	0,0	
Vernepleiar sjukeheimen	0,8	0,8	0,0	
Totalt	59,9	59,7	0,2	

8.3.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-13 Økonomiske hovudtal - IHT

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	49 724 000	46 907 000	46 320 876
KJØP AV VARER OG TENESTER	2 605 000	2 902 000	3 480 817
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	346 000	453 000	531 160
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	260 000	226 000	382 432
OVERFØRINGAR	-	-	723 288
FINANSERINGSUTGIFTER	41 000	41 000	97 364
Sum utgifter	52 976 000	50 529 000	51 535 937
SALGSINNTEKTER	-7 323 000	-7 291 000	-7 278 560
REFUSJONER	-2 520 000	-1 930 000	-3 541 164
STATSTILSKOT	-152 000	-148 000	-629 479
FINANSINNTEKTER	-40 000	-40 000	-247 261
Sum inntekter	-10 035 000	-9 409 000	-11 696 464
Sum 36 INSTITUSJON -OG HEIMEBASERTE TENESTER	42 941 000	41 120 000	39 839 472

8.3.4 Tiltak

- Opne opp att to rom i underetasjen på sjukeheimen
- Om naudsynt kjøpe plassar, t.d. i Sør-Aurdal
- Etablere tenester i fire omsorgsbustader Moavegen 1
- Skaffe utstyr for o.a. å trygge demente og gje desse meir fridom til å bevege seg «fritt». Dette er ikkje lagt inn i budsjettet
- Styrke bemanninga i Moavegen 25. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet
- Vidareutvikle kvardagsrehabilitering som alternativ til opptrening i institusjon

8.4 Miljøtenesta

8.4.1 Status

Turnusområdet gjev tenester til 12 brukarar med ulik grad av utviklingshemming eller diagnosar som krev miljøterapeutisk oppfølging. Det er stor skilnad i funksjonsnivået hjå desse brukarane.

Miljøtenesta har også oppdrag i heimar utanfor Brennebakkin/andre kommunale bustader, knytt opp mot miljøtiltak, opplæring og åtferdsendring.

I tillegg til nye, unge brukarar med behov for tilrettelagt bustad med miljøtenester i åra som kjem, er det ei merkbar auke i behovet for barneavlastning. Avlastning er eit viktig førebyggjande tiltak som vil – om det blir gjeve til rett tid og med rett mengde – utsette behovet for tunge kommunale tenester for denne brukargruppa.

Det er etablert to barneavlastningsordningar i Øystre Slidre kommune. Det eine blir gjeve i bustad avsett til formålet på Brennebakkin 3. Det andre tilbodet er organisert slik at vi kjøper tenester hjå private, der desse utfører avlastinga i eigen heim. Ordninga med avlastning hjå private blir erstatta, og all barneavlastning vil bli samla til avlastningsbustaden på Brennebakkin frå 2017. Dette har sin bakgrunn i ei domsavgjerd som seier at kommunane ikkje kan drive denne praksisen vidare etter same ordning som før.

Miljøtenesta er redusert med omlag 2 årsverk i år grunna bortfall av eit tiltak, og det er lagt om til kvilande nattevakt. Det blir no i større grad enn tidlegare levert miljøtenester rundt om i bygda.

Bruker og medarbeidarundersøkinga som vart utført i 2016 viser at miljøtenesta skårar høgt på trivesel og utvikling, og at det blir lever tenester av høg kvalitet.

Det er 5,8 årsverk som vernepleiar i tenesta og alle årsverka er oppfylt med denne faggruppa.

8.4.2 Stillingsramme

Tabell 8-14 Stillingsramme - Miljøtenesta

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent Miljøtenesta	10,4	11,5	-1,1	Endring i behov
Vernepleiar	5,6	5,8	-0,2	Endring i behov
Totalt	17,0	18,3	-1,4	

8.4.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-15 Økonomiske hovudtal - Miljøtenesta

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 432 000	13 776 000	13 240 973
KJØP AV VARER OG TENESTER	168 000	164 000	214 885
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	7 000	7 000	13 084
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 284 000	1 510 000	1 178 414
OVERFØRINGAR	-	-	26 169
Sum utgifter	14 891 000	15 457 000	14 673 526
SALGSINNTEKTER	-50 000	-67 000	-42 996
REFUSJONER	-831 000	-855 000	-1 167 981
STATSTILSKOT	-	-1 344 000	-1 263 000
Sum inntekter	-881 000	-2 266 000	-2 473 977
Sum 39 MILJØTENESTA	14 010 000	13 191 000	12 199 549

8.4.4 Tiltak

- Styrka barneavlastinga med ei 73 % stilling – finansiert av midlar frå privatavlastning
- 2-3 tilrettelagte leilegheiter skal byggast på Brennebakkin.
- Utvide barneavlastningstilbodet – all barneavlastning til Brennebakkin
- Rekruttere avlastarar
- Vedlikehald av Solmoen A innvending.
- Skifte av terrassegolv ved inngangane på Brennebakkin.
- Overtaking av eit tiltak frå barnevernet gjeldane frå nyttår 2016-2017. Det er sett av 60 000 kr til privat avlastning i budsjettet.

8.5 Interkommunale tenester (NAV, barnevern, og intermediærsenger i VLMS)

8.5.1 NAV – status og økonomiske hovudtal

NAV-tenestene er omfattande og komplekse, og blir levert av NAV Valdres. Følgjande er henta frå årsmelding for samarbeidstiltak i Nord-Aurdal kommune:

For NAV Valdres er det store utfordringer knyttet til å ha tilstrekkelig kompetanse til stede i seks kontor. Dette er særlig sårbart ved sykdom og permisjoner, da det kan være nødvendig å rokere på ansatte i flere lokasjoner for å få bemanningskabalen til å gå opp. Vi ser at vi noen ganger må stenge kontor ved fravær, fordi det er for ressurskrevende å gjøre midlertidige endringer for å dekke opp i de mindre kontorene. Utfallet av kommunestyresaken avgjør hvorvidt vi kan organisere NAV Valdres på en mer robust måte. Inntil dette er avgjort, må de ansatte forholde seg til en usikkerhet rundt organiseringen i nær framtid. Dette påvirker også noen forhold knyttet til drift, da det må skje nødvendig utskifting av utstyr i løpet av 2016, som blir satt på vent til vi vet hvor mange lokasjoner vi skal bemanne i det videre.

Arbeidsledigheten øker i landet, men dette har foreløpig ikke gitt synlig utslag for Valdres. Markedsarbeid, kontakt med arbeidsgivere og oversikt over det regionale arbeidsmarkedet er viktig for at vi skal bidra til å holde arbeidsledigheten lav også videre. Vi skal også opprettholde stort fokus på sykefraværsoppfølging, der målsettingen er å få brukeren tilbake til arbeidslivet så fort som mulig.

Satsingen på et sterkere ungdomsteam er ventet å gi økte resultater i 2016, med færre ungdommer på sosialhjelp. Ungdomsteamet har nå fått ny base på Fagerneskontoret, men jobber utadrettet i alle valdreskommunene.

Lederteamet ved NAV Valdres er styrket ved en nyopprettet stilling som avdelingsleder for sosialfag, altså i hovedsak knyttet til den kommunale porteføljen. Dette har vi sett som et nødvendig grep for å møte de økende utfordringene her. Satsing på ungdom og økt innsats på rusområdet er nevnt. En kommende utfordring er aktivitetsplikten for sosialhjelpsmottakere, der vi venter på en avgjørelse med hensyn til økonomien for kommunene knyttet til dette. Her må det organiseres aktiviteter, og deltakere må følges opp.

Vi må også jobbe for høyere deltakelse i kvalifiseringsprogrammet. Videre blir det bosatt flere flyktninger i Valdres framover, og NAV skal tidligere inn for å fatte vedtak om etablering og inntektssikring fram til deltakelse i introprogram og utbetaling av introstønad. Det er stipulert at NAV Valdres trenger økte ressurser med 50 % stilling til dette arbeidet.

Fra NAV stat er det forventninger om at det lokale NAV-kontoret i større grad skal identifisere lokale og regionale utfordringer og finne gode løsninger lokalt.

Hovedmålsettingene for NAV i 2016 er flere i arbeid og bedre brukermøter – og dette skal skje ved økt kompetanse. Det er forespeilet større handlingsrom til NAV-kontorene, og mindre detaljstyring fra fylket. Dette kan gi et økt mulighetsrom for NAV Valdres, dersom vi er rigget til å ta det.

Kanalstrategien fortsetter, og det blir stadig bedre muligheter for brukerne til selvbetjeningsløsninger og kontakt med NAV på andre måter enn ved frammøte på NAV-kontoret. Vi har ikke merket så mye til at dette frigjør tid for NAV-kontoret ennå, men etter hvert håper vi at dette kan bidra til å gi oss nye muligheter til å jobbe enda mer utadrettet og ha større kontakt med næringslivet og tettere oppfølging av brukerne våre.

Tabell 8-16 Økonomiske hovedtal - NAV

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
KJØP AV VARER OG TENESTER	-	-	5 330
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	5 951 000	6 125 000	3 323 985
OVERFØRINGAR	582 000	582 000	2 639 967
Sum utgifter	6 533 000	6 707 000	5 969 282
REFUSJONER	-	-50 000	-450
STATSTILSKOT	-	-300 000	-
FINANSINNTEKTER	-130 000	-115 000	-265 326
Sum inntekter	-130 000	-465 000	-265 776
Sum ansvar: 330 NAV	6 403 000	6 242 000	5 703 506

Tabell 8-17 Tal brukarar ved utgangen av 2. kvartal 2016 og 2015

	Arbeidssøkere		Sykemeldte		Tilpasset arbeidsretting, aap		Sosialhjelp eneste inntektskilde*		KVP		Aktive brukere med utbet. sosialhjelp	
	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015
Valdres	258	264	577		397	450	31	41	16	15	229	221
Sør-Aurdal	44	42	70	94	79	88	7	5	3	3	32	31
Etnedal	22	23	38	38	28	33	2	0	1	1	16	9
Nord-Aurdal	99	118	217		162	161	13	20	2	3	105	100
Vestre Slidre	29	26	84		55	67	2	2	4	4	39	35
Øystre Slidre	40	38	112	110	41	63	5	6	1	1	30	30
Vang	24	17	56		32	38	2	8	5	3	7	16

Tiltak:

- Bemanningsauken som er vedtatt og gjennomført i 2016 med ei 50 % stilling knytt til større busetting av flyktningar, er innarbeida i budsjettet for 2017.

8.5.2 Barnevern – status og økonomiske hovedtal

Øystre Slidre kommune har felles barnevernteneste med Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal kommunar. Følgjande er henta frå årsmelding for samarbeidstiltak i Nord-Aurdal kommune:

Ein stor del av arbeidet framover vil henge saman med etablering av gode rutinar og nye strukturer for Familiens hus. Intensjonen er at de samhandlingsstrukturer som etableres

også kan nyttiggjøres i samarbeidet med de tre andre kommunene som er en del av den interkommunale tjenesten.

Blant annet er det besluttet å jobbe med utarbeidelse og implementering av ny rutine for håndtering av alvorlig skolefravær. Dette vil i stor grad innebære tverrfaglige prosesser, noe som sannsynligvis vil innebære utfordringer når man skal enes om hva som er utfordringen, tiltaket og målet. Utarbeidet veileder og erfaringer fra Lørenskog kommune vil bli brukt som rettesnor for det videre arbeidet.

På medarbeidersida ser en utfordringer i forhold til mangel på arbeidskraft. Tenesten har flere omsorgspermisjoner som medfører vakuum i samband med innrekruttering. Man kan også se en tendens i søkermassen at det er mindre tilgang på faglærte enn tidligere. Dette kan henge sammen med flyktningestrømmen, og at barneverntjenestens faggruppe er ettertraktet innenfor disse tjenestene.

Tabell 8-18 Økonomiske hovedtal - barnevern

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
331 BARNEVERN			
KJØP AV VARER OG TENESTER	-	-	158
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	4 629 000	4 676 000	4 794 810
OVERFØRINGAR	-	-	39
Sum utgifter	4 629 000	4 676 000	4 795 007
REFUSJONER	-	-	-39
Sum inntekter	-	-	-39
Sum ansvar: 331 BARNEVERN	4 629 000	4 676 000	4 794 968

Tiltak:

- Utgiftene og tenestene i barnevernteneste-samarbeidet er videreført på om lag same nivå som i 2016
- Bemanninga i barnevernet er foreslått auka med ei 100 % fagstilling som barnevern-konsulent. Denne er delvis finansiert med nye øyremerka midlar frå staten.

8.5.3 Valdres lokalmedisinske senter (VLMS)

Følgjande er henta frå økonomiplanen til Nord-Aurdal kommune:

Virksomheten ble i løpet av første halvår 2015 samlokalisert i nye og tidsriktige lokaler. Virksomhetsleder har fra 2017 fag-, personal- og økonomiansvar for medarbeidere på legevakt og intermediæravdeling da avdelingssykepleierstillingen avvikles. To sykepleiere bistår med fagansvar. Dialyse, røntgen og jordmortjenesten har fagledere. Legevakt har legevaktsoverlege med medisinsk-faglig ansvar. Intermediæravdelingen har overlege tilsatt i full stilling. Overlegeressursen, 20 % stilling, til utviklingsarbeid er fra 2017 erstattet med en 10 % ressurs som tillegges kommune-overlegen.

***Sykehuset Innlandet** – har desentralisert en rekke tjenester til VLMS. Røntgen, dialyse, spesialist-poliklinikk samt følge- og beredskapstjeneste (jordmor). Det er startet et arbeid med å utarbeide utviklingsplan for desentralisering av ytterligere tjenester til VLMS.*

***Interkommunale tjenester** – I legevakt og jordmortjenesten har det vært interkommunale i mange år. Nytt fra juni 2015 er sengeavdeling med intermediæravdeling og kommunale akutte døgnplasser (KAD). I 2017 går valdreskommunene sammen om å etablere lovfestet seng til KAD psykiske helse og rus. Ny akuttmedisinforakrift ble vedtatt våren 2015. Valdres*

har innfridd mange av kravene, men i det videre arbeidet må det jobbes mer med kompetanse hos medarbeidere og leger.

Jordmortjenesten er en del av helsesøstertjenesten og utfører svangerskaps- og barselkonsultasjoner for hele regionen. Nasjonal veileder anbefaler at jordmødrene skal følge opp barselkvinner første to uker etter fødsel. I Valdres følger helsesøstre opp fra uke to. Gravide får nå også tilbud om tidlig konsultasjon i uke 8 – 9 som et resultat av prosjektet «Tidlig inn». Dette for å kartlegge og informere tidlig om forhold knyttet til alkohol og vold.

Tabell 8-19 Bruk av intermedieravdelingen (IMA) og kommunal akutte døgnenhet (KAD) på VLMS så langt i 2016, fordelt på kommune

	Etnedal		Sør-Aurdal		Nord-Aurdal		Øystre Slidre		Vestre Slidre		Vang		Andre		Totalt	
	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD
Januar	3	0	1	2	6	7	3	2	3	1	0	1	0	3	16	16
Februar	3	2	1	0	8	5	3	3	1	1	0	2	0	4	16	17
Mars	3	1	1	2	7	4	6	3	0	2	2	1	0	5	19	18
April	2	1	1	0	11	10	2	2	3	3	0	1	0	1	19	18
Mai	4	1	0	0	10	10	2	2	0	0	0	2	0	1	16	16
Juni	4	0	2	2	8	10	4	1	3	3	0	0	1	3	22	19
Juli	2	1	0	2	6	8	8	6	4	2	2	2	0	5	22	26
August	3	3	0	1	5	5	10	6	3	1	1	0	0	3	22	19
Sum	24	9	6	9	61	59	38	25	17	13	5	9	1	25	152	149

Tabellen syner at Øystre Slidre kommune bruker tenestane i dei regionale sengene i høg grad. Dette har si begrunning i det fakta at vi har fleire brukarar som treng pleie og behandling på dette nivået som er noko meir avansert enn på sjukeheimen. Så er det slik at vi har hatt, og har ein kapasitetsutfordring på sjukeheimen, der sengene i det regionale tilbodet har vore gode å ty til.

9 Teknisk drift

9.1.1 Mål

Teknisk drift har som mål å få til enda betre kvalitet på tenestene som avdelinga utfører. Dette vil krevje god samhandling i avdelinga samt ta i bruk gode planverktøy.

Følgjande av kommunen sine delmål har relevans for området teknisk drift:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstillar innbyggjarane og gjestene sine grunnleggjande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge.
- Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
- Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.

Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv.

Oppvekst og læring

- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like moglegheiter for utvikling.
- I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.

Samferdsel

- Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
- Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikkisikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar.

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.

Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.

- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.
- Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

9.1.2 Status

Frå og med 01.01.2016 blei reinhaldstenesta ved Øystre Slidre Sjukeheim underlagt teknisk avdeling i kommunen. Alle reinhaldarane er no samla i ei avdeling. Dette er positivt med tanke på daglig drift, opplæring, vikarar m.m. I 2015 blei det kjøpt inn eit reinhaldsplanleggingsprogram. Dette programmet har vore eit godt verktøy for å få oversikt over kva oppgåver reinhaldarane i kommunen gjer daglig og periodisk. Ved bruk av dette verktøyet har ein også fått oversikt over stillingsheimlar på reinhald i kommunen.

På sjukeheimen er ein godt i gang med eit prøveprosjekt, der reinhaldarane har fått iPad på reinhaldstralla. Dette er eit verktøy som skal gi dei betre oversikt over arbeidsområde, med oppdaterte reinhaldplanar til ein kvar tid. Det er også eit viktig verktøy ved bruk av vikarar, då dei får mykje betre oversikt over oppgåver som skal gjerast, kva rom som skal reingjerast, samt å melda tilbake ved avvik.

Ved Øystre Slidre ungdomsskule (ØSUS) er ein snart ferdig med skifting av ventilasjonsanlegget og rehabiliteringa av skulekjøkkenet. Det står igjen ein del ENØK-tiltak som følgje av dette prosjektet, blant anna arbeid med skifte omn i alle klasserom og skifte av vindauge i bygget. Dette blir gjort etter kvart framover i eitt klasserom om gongen. I tillegg skal det også skiftast ein del dører i klasserom etter ny klassifisering av brannsoner som følgje av skifte av ventilasjonsanlegg.

Driftsutgiftene er relativt høge; dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. Med nye skulebygg og nye Rogne barnehage er dette kanskje overraskande, men sjølv om bygga er nye og betre, er det mykje "teknikk" i nye bygg som skal driftast.

I avdelinga VVA (veg, vatn og avløp) er det generelt god kvalitet, og resultata for brukarane blir vurdert som gode. Innbyggjarundersøkinga viser at dei fleste meiner dei blir mottekne på ein god måte i kontakt med kommunen. Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og etterkvart også på e-post. Vaktordninga i VA-tenesta gir 100 % tilgjenge for publikum.

Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det valt prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar. Kommunebarometeret viser at ein liten del av innbyggjarane er knytte til kommunaltekniske anlegg. Mykje av forklaringa på dette er at Vindin vassverk er privat, og leverer vatn til mange i midtre del av kommunen. Sjølv om Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, så er dei fleste av desse fritidseigedommar.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avløp. Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg, og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnettet. Det er i 2016 satt i gang arbeid med VA Lidar – Sælid. Parsellen Lidar – Kjøk vert bygd hausten 2015/vinteren 2016. Resten av den persellen er no under arbeid frå Jøta til Lidar. Det er anbod under arbeid på parsellen Kjøk – Nord Torp, med start vinteren 2017.

Sjølv om inntektene har vore gode i samband med høg byggeaktivitet, er nivået på gebyra relativt høgt samanlikna med andre kommunar. Få abonnentar samanlikna med landsgjennomsnittet, gjer også sitt til at gebyra per abonnent blir høge. Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar og å rette fokuset meir mot økonomisering av drifta, for på den måten å få stabilisert nivået på gebyra.

Det vart i 2015 inngått nye avtaler for brøyting og vedlikehald på kommunale vegar. Når det gjeld kommunale vegar, legg faktorar kommunen har lite styring over mange premisser for utgiftene,

slik som snømengde, trong for strøing, frost/kjøving, reparasjon etter flomskadar osv. Ekstraordinært vedlikehald vil også medføre at nivået her vil svinge.

Ved brann- og feiarvesenet er det per 2016 tilsett 4 nye brannkonstablar. Det vil da vere 4 nye brannkonstablar som i 2017 må gjennomgå grunnopplæring. Den nye brannbilen («framskoten eining») er levert no i haust. Brannmannskapa har hatt opplæring på utstyret i bilen. Det er også løyvd ekstra ressursar på 2016-budsjettet til kjøp av ny tankbil på Beitostølen. Denne blir levert i januar 2017.

Trivsel for den enkelte og evne til samarbeid med kollegane sine blir vurdert som generelt bra i teknisk avdeling, her er det lite som tyder på endringar frå tidlegare år. Sjølv om fleire tilsette er i ferd med å få betre kompetanse, er det framleis ynskje om kurs og «ny» lærdom i avdelinga. Det er ei utfordring å finne relevante kurstilbod og å få sendt våre folk på kurs. Men litt påfyll blir det, og dei «nye» medarbeidarane er i positiv utvikling!

Talet på tilsette som driftar avdelinga og omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved ev. endringar i tenestenivaet.

9.1.3 Stillingsramme

Tabell 9-1 Stillingsramme Teknisk drift

Stilling	2017	2016	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Brannkonstabel	0,2	0,2	0,0	
Driftsoperatør	4,0	4,0	0,0	
Feiar	1,0	1,0	0,0	
Oppsynsmann	1,0	1,0	0,0	
Reinhaldar	12,4	12,3	0,1	Teknisk justering
Saksbehandlar/sekretær	1,0	1,0	0,0	
Vaktmeister	4,0	4,0	0,0	
Vaktmeisterformann	1,0	1,0	0,0	
Totalt	25,6	25,5	0,1	

9.1.4 Økonomiske hovudtal

Tabell 9-2 Økonomiske hovudtal - Teknisk drift

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	17 019 000	16 228 000	15 078 210
KJØP AV VARER OG TENESTER	10 650 000	8 371 000	9 859 289
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	11 550 000	8 235 000	8 419 476
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	13 525 000	13 327 000	8 868 533
OVERFØRINGAR	-	-	3 516 891
FINANSERINGSUTGIFTER	4 008 000	4 843 000	4 421 025
Sum utgifter	56 752 000	51 004 000	50 163 424
SALGSINNTEKTER	-35 327 000	-34 178 000	-29 800 731
REFUSJONER	-842 000	-797 000	-3 857 640
FINANSINNTEKTER	-	-	-1 079 704

Sum inntekter	-36 169 000	-34 975 000	-34 738 074
Sum 4 Tekniske tenester	20 583 000	16 029 000	15 425 350

Tabell 9-3 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Teknisk drift

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
TEKNISKE TENESTER FELLES	1 388 000	429 000	935 894
KOMMUNALE BYGG OG REINHOLD	19 697 000	13 668 000	12 673 332
EIGEDOM OG VEG	578 000	3 128 000	2 798 033
VATN	-1 965 000	-1 821 000	-2 360 748 ²
AVLØP	-2 722 000	-2 678 000	-2 792 593
BRANN OG FEIERVESEN	3 607 000	3 303 000	4 171 431
Sum område: 4 Tekniske tenester	20 583 000	16 029 000	15 425 350

9.1.5 Framdrift

Hovudfokus framover i teknisk drift vil vera å gjennomføra godkjende investeringsprosjekt. Det er store investeringsprosjekt i 2017 på vatn og avløp. Likevel vel ein å setta ned forbruksgebyret for vatn og avløp med ca. 6 %.

Ved driftsavdelinga skal ein leggja til rette for god drift av kommunen sine bygg og anlegg. Ein vurderer sterkt behovet for å få på plass eit dataverktøy for bruk innanfor drift og eigendomsforvaltning i kommunen. Ein kan nyttiggjera eit slikt program både med omsyn til eigendomsforvaltning og driftsoppgåver i kommunen. Vaktmestarane har oppgåver ute på bygga, og oppgåvene kan med enkle tastetrykk på telefon kvitterast ut, frå f.eks. vedlikehaldsplan.

Det er i år laga ein vedlikehaldsplan som vil vera eit godt hjelpemiddel og er eit levande «dokument». Denne vil ein bruka aktivt i året som kjem. ØSUS vil og bli prioritert neste år. Ein fortsetter der med å måla vegger og skifta belegg i korridorar og i nokre klasserom. Det vil elles være ein god del vedlikehaldsoppgåver i dei andre bygga som kommunen eig.

På reinhold vil ein fortsetta med opplæring og vidareutvikling av reinhaldsplanane. Viktig framover er å sørgje for at alle har utstyr og maskiner som trengs til dei oppgåvene som skal gjerast.

Brann har fått nye brannkonstablar, og vil måtte gjennomføra meir kurs og opplæring i 2017. Det vil og bli satt i verk tiltak etter pålegg frå arbeidstilsynet på brannstasjonane.

9.1.6 Tiltak

- Gjennomføring av investeringsprosjekt
- Kompetanseutvikling på alle plan
- Vidareutvikling av FDV-programvaren
- Arbeide for å få gjennomført vedlikehaldsbehovet på bygga
- Vidareutvikle rutinar og prosedyrar i heile avdelinga
- Implementere dataverktøy for den enkelte
- Oppgradering av ungdomsskulen (ØSUS)
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Styrke tryggleik for tilstrekkeleg vatn til Beitostølen
- Optimalisere leidningsnett - redusere lekkasjar

² Netto resultat innan vatn og avløp skal dekke kommunen sine kapitalkostnader

- Oppretthalde god standard på kommunale vegar

10 Næring og byggesak

10.1.1 Mål og status

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg mange føringar for mål og arbeidsoppgåver i avdeling for næring og byggesak. Når ny arealdel blir vedteke, opnar det for spanande endringar og nye mogelegheiter.

Vekst i kvalitet

Næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal bidra på sine felt for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar, og til å ivareta det biologiske mangfaldet. Visjonen «Øystre Slidre – rein naturglede» skal vera ein ledestråd i avdeling for Næring og byggesak sine prioriteringar, virke og sakshandsaming.

Det er eit prioritert mål at avdeling for næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som set kvalitet, likebehandling, brukarar og service i sentrum. Ei tydeleg og føreseieleg forvaltning er god og effektiv næringsutvikling.

Offensiv organisasjon.

Næring og bygg skal vera ein offensiv organisasjon som ved effektiv ressursbruk tilbyr tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane, dei næringsdrivande og gjestene sine behov. Langsiktig arbeid på oppmålingssida for å gje ryddige eigedomstilhøve har vore viktig for å sikre rammer for effektiv saksflyt i kommunal forvaltning og sakshandsaming. I arbeidet med å forberede eigedomsskatten vil ein erfare kor viktig dette arbeidet har vore. Kommunen og avdelinga er leiande i Valdres med omsyn til bruk av e-kommunikasjon. Dette betrar saksflyt og gir høgare effektivitet. Eigedomsskatten vart rydda og forberedt for digitalisering i 2016. Når sjølve digitaliseringa er gjort vil ein ha sikra seg endå eit verktøy som effektiviserer og kvalitetssikrar sakshandsaminga. Målet er å forbetre kontakten med brukarane av våre tenester.

Byggesak

Det vart frå 1. juli i 2015 gjort endringar i bygningslova § 20-5, der ei rekke tiltak som før var søknadspliktige no har fått unntak. Erfaringane så langt syner at lovendringa har gitt avdelinga noko meirarbeid. Dette skuldast m.a. feiltolkingar av lovverket, og at naboar til bygningstiltak ofte tek kontakt og ber om ulike avklaringar. Konfliktane i slike saker har likevel blitt mindre enn ein frykta.

Generelt er det avdelinga si erfaring at det årleg blir ført opp ein del bygg som ikkje er omsøkt på lovleg måte. Oppfølging av slike saker er svært tidkrevjande. Kommunen vedtok derfor i vinter ein kommunal tilsynsstrategi, slik vi var pålagde etter loven. Målet er å gjennomføre eit tilsyn som minimum dekkjer lovkravet. Ein vonar og at tilsynsarbeidet har preventiv effekt, og at det på sikt sparar både kommune, tiltakshavarar og utførande handverkarar for betydelege kostnader.

Ein har berre gjort framlegg om mindre justeringar i gebyrregulativet til handsaming av saker etter Plan- og bygningsloven og forureiningslova. Gebyra dekkjer slik det no er om lag dei samla kostnadane kommunen har med slike saker. Desse gebyra utgjør ein svært liten del av dei samla byggekostnadane i dei fleste saker. Gebyrnivået er likevel under kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med, som Øyer, Ringe og Ringsaker.

Rådmannen finn det også rett å ha eit gebyr for tiltak som er sett i gang før det er sendt søknad. Grunngevinga for dette er at slike saker gir svært mykje ekstraarbeid for kommunen, og at ein ofte kjem i den situasjon at kommunen som bygningsmynde ikkje får påverke plassering eller utforming, utan at dette har betydeleg økonomiske konsekvensar for tiltakshavar.

Tabell 10-1 Gebyrsatsar plan- og bygningslova Øystre Slidre kommune

	2017	2016
3.2.1 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-3		
Opp til og med 100 m2 BRA	kr 9 000	kr 8 750
101 m2 BRA- 200 m2	kr 3 700	kr 3 500
For kvar påbyrja 100 m2 over 200 m2	kr 2 600	kr 2 500
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		
3.2.2 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-4		
Mindre tiltak på bygd eigedom <50/70 m2	kr 4 600	kr 4 500
Driftsbygning i landbruket	kr 3 100	kr 3 000
Mellombels bygning	kr 3 100	kr 3 000
Andre mindre tiltak	kr 3 100	kr 3 000
3.2.3 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-4 d		
Oppretting av ny eigedom	kr 4 600	kr 4 500
3.2.4 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-3 Fritidsbustader inkl. anneks		
Opp til og med 100 m2 BRA	kr 14 600	kr 14 000
101 m2 BRA- 200 m2	kr 4 000	kr 3 800
For kvar påbyrja 100 m2 over 200 m2	kr 3 200	kr 3 000
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		
3.2.5 Tiltak igangsett utan at søknad er innsendt		
Tiltak etter 3.2.1 - 3.2.5 og 6.1.1 som blir igangsett utan at søknad er innsendt får eit tilleggsgebyr likt søknadsgebyret	Avhengig av type gebyr	Avhengig av type gebyr
Tiltak etter 3.2.1 og 3.2.1 som er tatt i bruk før ferdigattest er gitt	kr 5 000	kr 5 000
3.2.6 Godkjenning av føretak etter pbl. § 22-3		
Søknad om lokal godkjenning	kr 800	kr 780
3.2.7 Disposisjon		
Disposisjon -administrativ	kr 4 300	kr 4 200
Disposisjon - politisk	kr 8 000	kr 7 900

Næringsutvikling

Målet nedfelt i kommunen sin planstrategi er at Øystre Slidre kommune skal vera den beste opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter per innbyggjar. Valdres næringshage er tildelt ansvaret for etablerer-opplæring og etablerer-vegleiing, men Næring og byggesak prøver å støtte opp under dette arbeidet med rask sakshandsaming og føreseielege rammevilkår.

Midlane til næringsutvikling er i stor grad bunde opp til ulike og konkrete formål. Mykje av midlane er lagt opp til å støtte opp under kommunens ski- og løypeprodukt.

Det er i budsjettet sett av 400 000 kr til fullføring av «rullestolløypa» frå Garli til Grønåsvegen. Det er ein føresetnad for å gjennomføre prosjektet at ein klarer å finansiere resten med midlar frå andre kjelder.

Samla er budsjettet til næringsutvikling redusert, då ein i fjor brukte midlar til å finansiere kommunen sin del av utbygginga på Valdresflye.

Landbruk

Om ein vurderer landbruket ut frå utviklinga i driftseiningar og dyretal, kjem vi best ut av valdreskommunane.

Interessa for å investere i bygningar har vore stor, og dette er noko vi ønskjer å halde oppe. Vi legg opp til å legge forholda til rette for det, m.a. med rask god rådgjeving og sakshandsaming i utbyggingssaker. Dette er spesielt viktig no når administrasjonen av utbyggingssaker er lagt til Innovasjon Oppland på Lillehammer. Under-avverking i skogen er minkande, men framleis for stor. Kommunen har no tatt eit initiativ for å etablere eit konkret samarbeid med landbruksnæringa. Målet er å meisle ut ein strategi for korleis ein best kan utvikle landbruket i kommunen, og identifisere kva som i ein slik strategi er organisasjonane/næringa sitt ansvar og kva som er kommunen sitt ansvar.

Avdelinga skal elles drifte og forvalte miljø og biologisk mangfald på ein balansert måte, til beste for natur-, miljø- og næringsutvikling, og gjennom det bidra til kommunens visjon – Rein naturglede.

10.1.2 Stillingsramme

Tabell 10-2 Stillingsramme - Næring og byggesak

Stilling	2017	2016	Endring
Leiar	1,0	1,0	0,0
Jordbrukssjef	1,0	1,0	0,0
Oppmålingsingeniør	1,0	1,0	0,0
Saksbehandlar	2,0	2,0	0,0
Sekretær	1,0	1,0	0,0
Skogbrukssjef	1,0	1,0	0,0
Spes.arb. oppmåling	0,1	0,1	0,0
Totalt	7,1	7,1	0,0

10.1.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 10-3 Økonomiske hovudtal - Næring og byggesak

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 004 000	4 827 000	4 183 347
KJØP AV VARER OG TENESTER	918 000	921 000	725 164
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	221 000	215 000	163 858
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	2 076 000	1 563 000	1 363 747
OVERFØRINGAR	1 515 000	2 695 625	2 514 620
FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	55 076
Sum utgifter	9 734 000	10 221 625	9 005 812
SALGSINNTEKTER	-3 629 000	-3 243 000	-3 696 954
REFUSJONER	-203 000	-97 000	-324 467
STATSTILSKOT	-	-	-110 000
FINANSINNTEKTER	-	-	-278 719
Sum inntekter	-3 832 000	-3 340 000	-4 410 141
Sum område: 5 Næring og byggesak	5 902 000	6 881 625	4 595 672

Tabell 10-4 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Næring og byggesak

	Budsjett 2017	Buds(end) 2016	Regnskap 2015
FELLES NÆRING OG BYGG	1 390 000	1 349 000	1 243 243

KART OG OPPMÅLING	-22 000	395 000	-246 000
BYGGESAK	-486 000	-489 000	-606 429
BEHANDLINGSGEBYR	-100 000	-200 000	-212 263
NÆRINGSUTVIKLING	3 478 000	4 270 625	3 406 331
LANDBRUK	1 644 000	1 541 000	1 064 089
VILT- OG UTMARKSFORVALTNING	-2 000	15 000	-53 299
Sum 5 Næring og byggesak	5 902 000	6 881 625	4 595 672

10.1.4 Tiltak

Tabell 10-5 Næringstiltak

	Budsjett 2017	Budsjett 2016
Tilskott til næringsutvikling		
Idrettskoordinator	175 000	175 000
Snølagring	200 000	200 000
Andre tilskott	300 000	60 000
Sum	675 000	435 000
 Andre næringstiltak		
Valdres Natur og Kulturpark	815 000	792 000
Visit Valdres	720 000	720 000
Vannområde Valdres	40 000	40 000
Tilskott til løypelag	250 000	250 000
Husleige Beitostølen Turistinformasjon	40 000	40 000
Kompensasjon - løypeavtaler	350 000	460 000
Leige Beitostølen Stadion	185 000	210 000
Stig og løypeplan	206 000	200 000
Stig og løypeplan - rullestolløype	1 000 000	
Sum	3 206 000	2 712 000
Totalt	3 881 000	3 147 000

11 Kraftforvaltning

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,5 GWh. Av dette blir 47,5 GWh seld på kraftbørsen, medan resten av kraftmengda blir tilbakeseld til produsenten og brukt i egne bygg. I økonomiplanen 2017-2020 er det lagt til grunn ein marknadspris med 27,0 øre per kWh.

Nettoinntekta av kraftsalet har tidlegare år vorte avsett til disposisjonsfond kraftsal. På grunn av at størrelsen på disposisjonsfondet ligg vesentleg over gjeldande handlingsregel sitt mål på 17,5 % av brutto driftsinntekter, er ikkje netto overskott i kraftforvaltninga føresett avsett til fond i denne økonomiplanperioden.

Tabell 11-1 Økonomisk hovudoversikt - Kraftforvaltninga

	Regnskap 2013	Regnskap 2014	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Kraftpris øre per kWh	30,00	24,00	24,80	22,00	27,00
Lønsutgifter og andre driftsutgifter	733 934	294 489	548 097	293 000	550 000
Konsulenttenester etc.	162 826	81 961	222 944	130 000	180 000
Kjøp av kraft	6 933 147	7 610 809	6 824 443	6 900 000	6 800 000
Skatt	942 356	351 871	431 815	300 000	400 000
Sum utgifter	8 772 263	8 339 130	8 027 299	7 623 000	7 930 000
Konsesjonsavgift	-3 257 931	-3 550 934	-3 550 934	-3 600 000	-3 600 000
Sal avtalekraft og eigarkraft	-8 271 812	-5 268 771	-5 231 460	-6 644 000	-7 500 000
Sal konsesjonskraft etc.	-8 107 981	-7 510 222	-8 541 108	-5 500 000	-7 200 000
Andre inntekter t	0	-330 815	-23 193	0	0
Utbytte	-1 641 448	-1 819 448	-1 715 458	-1 500 000	-1 700 000
Sum inntekter	-21 279 172	-18 480 190	-19 062 153	-17 244 000	-20 000 000
Resultat før avsetning	-12 506 909	-10 141 060	-11 034 854	-9 621 000	-12 070 000
Avsetning til disposisjonsfond	10 135 000	7 921 891	7 496 000	0	0
Avsetning til kraftfondet	3 257 931	3 550 934	3 550 934	3 600 000	3 600 000
Resultat etter avsetning	886 023	1 331 766	12 080	-6 021 000	-8 470 000

12 Finansforvaltning

Kommunen har den sisten tida hatt alle finansmidlane plassert i bank. Deler av overskottslikviditeten er vurdert plassert på annan måte i løpet av starten av 2017.

Tabell 12-1 Renteberande omløpsmiddel – prognose/budsjett for 2017

		Beløp	Rentesats	Renter
Bankinnskott:				
Driftsmidler	Sparebank 1 Hallingdal Valdres	65 000 000	2,00 %	1 300 000
Overskotslikviditet	Sparebank 1 Hallingdal Valdres	45 000 000	2,00 %	900 000
Sum bankinnskott		110 000 000		2 200 000
Ansvarlege lån:				
	Valdres Energiverk	20 000 000	6,70 %	1 340 000
	Eidsiva Energi	4 934 000	7,00 %	345 000
Andre finansinntekter				225 000
Sum renteinntekter fra finansforvaltinga				4 110 000
Utbytte	Valdres Energi A/S og Eidsiva Energi A/S			1 700 000
Totalt				5 810 000

13 Avgifter og betalingssatsar

Øystre Slidre kommune krev standard purregebyr, jf. Inkassoforskrifta § 1-2.

13.1 Eigenbetaling i barnehagane

Stortinget fastset i det årlege budsjettvedtaket maksimalgrensa for foreldrebetaling for plass i barnehage. For 2017 er forslaget frå regjeringa at maksimalgrensa for heildagstilbod for foreldrebetalinga skal vera 2 730 kr per måned. Betalinga for deltidstilbod skal vera lågare enn for heildagstilbod.

Kommunen skal tilby minimum 30 % syskenmoderasjon i foreldrebetalinga ved 2. barn, og minimum 50 % moderasjon for 3. eller fleire barn.

For 2017 er det budsjettert med brutto driftsutgifter 18,4 mill. kr til drift av barnehagane, og 1,5 mill. kr til barnehagelokale. I driftsinntekter er det budsjettert med 2,9 mill. kr i eigenbetaling.

Tabell 13-1 Eigenbetaling i barnehagane

	2016	2017
5 dagar/veke	2 655 kr per måned	2 730 kr per måned
4 dagar/veke	2 575 kr per måned	2 650 kr per måned
3 dagar/veke	2 479 kr per måned	2 540 kr per måned
Einskildagar/ekstradagar	200 kr per dag	210 kr per dag
Matpengar	15 kr per dag	15 kr per dag
Gebyr for sein henting:	Ved 2. og 3. gong forseinking inntil 15. minutt: 300 kr Fleire gongar eller lengre forseinkingar: 500 kr	Ved 2. og 3. gong forseinking inntil 15. minutt: 300 kr Fleire gongar eller lengre forseinkingar: 500 kr

13.2 Eigenbetaling i skulefritidsordninga

Med heimel i § 13-7 i Opplæringslova, kan kommunen krevje utgiftene til tilbodet dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For 2017 er det budsjettert med bruttodriftsutgifter på 1,1 mill. kr til drift av SFO-tilbodet. Dette beløpet inkluderer ikkje del av utgifter til lokale. I eigenbetaling er det budsjettert med 663 000 kr.

Tabell 13-2 Eigenbetaling i SFO

	2016	2017
0-7 timar	1 110 kr per måned	1 140 kr per måned
8-14 timar	1 780 kr per måned	1 830 kr per måned
Over 15 timar	2 225 kr per måned	2 290 kr per måned
Syskenmoderasjon	30 % av heil sats for 2. barn, og 50 % av heil sats for 3. barn eller fleire	30 % av heil sats for 2. barn, og 50 % av heil sats for 3. barn eller fleire

13.3 Eigenbetaling i kulturskulen

For 2017 er det budsjettet med bruttodriftsutgifter 2,8 mill. kr til drift av kulturskulen. Det er budsjettet med 540 000 kr i eigenbetaling. Moderasjonsordninga utgjør om lag 18 000 kr årleg.

Tabell 13-3 Eigenbetaling i kulturskulen

	2016	2017
Undervisning i kulturskulen	3 600 kr per skuleår	3 700 kr per skuleår
Gruppeundervisning i langleik	2 555 kr per skuleår	2 630 kr per skuleår
Kunstfag inkl. materiell	3 600 kr per skuleår	3 700 kr per skuleår
Dansegrupper/teater	2 555 kr per skuleår	2 630 kr per skuleår
Kor	990 kr per skuleår	1 020 kr per skuleår
Band	990 kr per skuleår	1 020 kr per skuleår
Revy	990 kr per skuleår	1 020 kr per skuleår
Syskenmoderasjon	2. barn 20 %, 3. eller fleire barn 50 % Ingen moderasjon for kor, band og revy	2. barn 20 %, 3. eller fleire barn 50 % Ingen moderasjon for kor, band og revy
Vaksen	4 800 kr per skuleår	4 940 kr per skuleår

13.4 Opphald på sjukeheimen

Betalinga for opphald på sjukeheimen følgjer satsar fastsett i lov og forskrift. Rådmannen legg fram dei satsane som følgjer av regelverket:

1. Generelt

I medhald av § 11-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. kan kommunen pålegge den som mottok tenester etter denne lova, å dekkje kostnadene heilt eller delvis. Nærare reglar for slik eigenbetaling er fastsett i eiga forskrift.

2. Opphald sjukeheimen

2.1 Langtidsopphald

§ 3 i Forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. fastset slike reglar for betaling ved langtidsopphald:

Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrullet et fribeløp på kroner 7800 pr år, kan det kreves betalt 75 % årlig. Betalingen skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 % av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelene av fribeløpet. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 %.

2.2 Korttidsopphald

I § 4 er det fastsett slike reglar ved korttidsopphald:

Kommunen kan ta betaling med inntil kroner 150 pr. døgn for korttidsopphold og med inntil kroner 80,- for det enkelte dag- eller nattopphold. (rundskriv I-1/2016)

Rådmannen viser til at justering av beløp i forskrifta for eigenbetaling skjer etterskottvis i februar-mars. Rådmannen foreslår med bakgrunn i dette at kommunen bruker til ei kvar tid gjeldande sats.

2.3 Kurdøgnpris

Vederlaget for opphaldet må ikkje overstige dei reelle opphaldsutgiftene. Kapitalutgiftene skal ikkje takast med i utrekninga av opphaldsutgiftene. Kommunen fastset opphaldsutgiftene ved den einskilde institusjonen.

Kurdøgnprisen seier kva det kostar å drive ein institusjonsplass. Til grunn for utrekninga av kurdøgnprisen ligg brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter utanom vederlagsbetalinga.

Tabell 13-4 Kurdøgnpris 2017

	2017
Brutto budsjetterte utgifter sjukeheimen drift	39 245 000
Inntekter frå vederlagsberekninga	-1 502 000
Grunnlag for kurpris 2017	37 743 000
Kurpris per plass (36 plassar)	1 048 417
Kurdøgnpris	2 872

Sjukeheimen har 36 godkjende plassar. Det er for 2017 budsjettert med 6,5 mill. kr i samla eigenbetaling for langtidsopphald ved sjukeheimen.

13.5 Heimehjelp

I medhald av § 11-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. kan kommunen pålegge den som mottak tenester etter denne lova, å dekkje kostnadene heilt eller delvis. Nærare reglar for slik eigenbetaling er fastsett i eiga forskrift.

Med grunnlag i budsjettet for 2017 er sjølvkost for denne tenesta utrekna til 270 kr per time (for 2016 var dette 260 kr).

Forskrift til Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. definerer sjølvkost som «en gjennomsnittlig timelønn for den tjenesten som utføres, tillagt sosiale utgifter samt administrasjonsutgifter som skal utgjøre 10 % av timelønn og sosiale utgifter». Maksimal eigenandel er i forskrifta sett til 190 kr per måned for mottakarar med inntekt under 2G (185 152 kr).

Tabell 13-5 Eigenbetaling hjelp i heimen per time

	2016	2017
Skattbar inntekt under 2 G*	81	85
Skattbar inntekt 2 - 3 G	99	103
Skattbar inntekt 3 – 4 G	173	180
Skattbar inntekt 4 – 5 G	260	270
Skattbar inntekt over 5 G	260	270

G=grunnbeløpet i folketrygda 2016 er 92 576 kr.

Øystre Slidre kommune har etablert ein profil på satsane med sterk subsidiering på dei lågaste inntektsnivåa. Dette blir føresett vidareført i 2017.

Rådmannen forslår at satsen for inntekt over 4G følgjer sjølvkost, og at satsen på dei andre inntektsnivåa blir oppjustert som vist i tabellen.

13.6 Mat

Tabell 13-6 Satsar for betaling av mat

	2016	2017
Ved utkjøring av mat		
- varm mat	82	85
- frukost/kveldsmål	46	50
Ved servering på sjukeheimen		
- middag	71	75
- frukost/kveldsmål	46	50
- middag tilsett, andre	78	82

Prisane på mat blir vurdert til å vera samanliknbare med ferdigmat i butikk.

Rådmannen foreslår at prisen i 2017 for kjøp av middag ved sjukeheimen blir auka tilsvarende om lag deflator (3 %).

13.7 Tryggleiksalarm

Satsen for tryggleiksalarm var for 2016 er sett til 175 kr per måned. Eigenbetalinga for tryggleiksalarmar skal spegle kommunen sine kostnader med å kjøpe inn og drifte alarmer. Etter overgang til digitale alarmer som går til 110-sentralen har kommunen sine utgifter auka.

Med bakgrunn i dette foreslår rådmannen å auke satsen frå 185 kr til 195 kr per måned. Kostnaden speglar Øystre Slidre kommune sine reelle kostnader på dette området.

Rådmannen foreslår at betalinga for tryggleiksalarm i 2017 blir sett til 195 kr per måned.

13.8 Gebyrregulativet 2017 – tekniske tenester og næring/byggesak

Tabell 13-7 Gebyrregulativet 2017 - tekniske tenester og næring/byggesak

	2017	2017 mva	% endring 2016-17
2.1.1 Behandling av privat planforslag			
Behandling av privat planforslag pbl. § 12-11	18 700		3,89
Administrering av offentlig ettersyn	9 400		4,44
Private planforslag som vert sluttbeh. I planutval	9 400		4,44
3.2.1 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20- 3			
Opp til og med 100 m2 BRA	9 000		2,86
101 m2 BRA- 200 m2	3 700		5,71
For kvar påbyrja 100 m2 over 200 m2	2 600		4,00
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn			
3.2.2 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-4			
Mindre tiltak på bygd eigedom <50/70 m2	4 600		2,22
Driftsbygning i landbruket	3 100		3,33
Mellombels bygning	3 100		3,33
Andre mindre tiltak	3 100		3,33
3.2.3 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-4 d			
Oppretting av ny eigedom	4 600		2,22

3.2.4 Søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-3 Fritidsbustader inkl anneks

Opp til og med 100 m2 BRA	14 600	4,29
101 m2 BRA- 200 m2	4 000	5,26
For kvar påbyrja 100 m2 over 200 m2	3 200	6,67
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		

3.2.5 Tiltak igangsett utan at søknad er innsendt

Tiltak etter 3.2.1 - 3.2.5 og 6.1.1 som blir igangsett utan at søknad er innsendt får eit tilleggsgebyr likt søknadsgebyret

Avhengig av type gebyr

Tiltak etter 3.2.1 og 3.2.1 som er tatt i bruk før ferdigattest er gitt

5 000

3.2.6 Godkjenning av føretak etter pbl. § 22-3

Søknad om lokal godkjenning

800

2,56

3.2.7 Dispensasjon

Dispensasjon -administrativ	4 300	2,38
Dispensasjon - politisk	8 000	1,27

3.2.8 Tilsyn (gjeld ikkje tiltak etter 3.2.1 eller 3.2.4)

Tilsyn av bygningstiltak	3 000	0,00
Synfaring i samband med ferdigattest	3 000	0,00

3.2.9 Utsending av dokumenter frå arkiv

Kopiering og utsending av byggeteikningar frå arkiv

500

4.1.1 Oppretting av grunneigedom § 5 a og e (Same gebyrsatsar oppretting av grunneigedom kap. 4.1.1.

Areal frå 0 til 250 m2	7 600	4,11
Areal frå 251 til 500 m2	10 500	3,96
Areal frå 500 til 2 000 m2	16 300	3,82
Areal frå 2 001 til 5 000 m2 Auke per påbegynt daa Gjeld også 4.1.3	1 300	4,84
Areal frå 5 001 m2 Auke per påbegynt daa	650	4,84
Oppmålingsforretning som kan gjennomførast som kontorforretning. Matrikkelforskriften § 40		

4.1.2 Matrikulering av eks. umatrikulert. grunn

Fakturering etter medgått tid - minste gebyr

4 680

4,00

4.1.3 Oppretting av anleggseigedom § 5 c m.m.

Volum til og med 2000 m3	16 300	3,82
Volum frå 2001 m3, auke per 1000 m3	1 300	4,84

4.1.5 Registrering av jordsameie

Fakturering etter medgått tid - minste gebyr

4 580

4,09

4.2.1 Framskynda frist for matrikkelføring

Tillegg til ordinært gebyr

2 600

4,00

4.3.1 Grensejustering av grunneigedom

Areal til og med 250 m2	5 900	5,36
Areal frå 250 - 500 m2	7 800	4,00

4.3.2 Grensejustering av anleggseigedom

Areal til og med 250 m3	5 900	5,36
Areal frå 250 - 1000 m3	7 800	4,00

4.4.1 Arealoverføring av grunneigedom

Gebysatsar som i 4.1.1. med tillegg av ekspedisjonsgebyr	1 820	4,00
--	-------	------

4.4.2 Arealoverføring av anleggseigedom

Areal til og med 500 m3	4 000	5,26
Areal frå 501 m2, auke per påbegynt 500 m3	1 300	4,84

4.5.1 Klarlegging av eksisterande grense - tidl koordinatbest.

Inntil 2 punkt	2 500	4,17
Pr. punkt overskytande grensepunkt	650	4,84

4.5.2 Klarlegging av eksisterande grense - tidl. ikkje koordinatbest.

Inntil 2 punkt	7 000	2,94
Pr. punkt overskytande grensepunkt	650	4,84

4.6.1 Registrering av privat grenseavtale

Fakturering etter medgått tid (minste gebyr)	2 000	5,26
--	-------	------

4.7.1 Utstedt matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider	200	14,29
Matrikkelbrev over 10 sider	400	14,29

4.8.1 Adressering

Gebyr for adresseskilt	200	0,00
------------------------	-----	------

4.9 Oppretting av grunnboksblad på utinglyste eigedomar

Gebyr for oppretting av grunnboksblad på utinglyste fester som er i matrikkelen (Tinglysingslova § 12b, 2.ledd)	4 500	
---	-------	--

5.0 Seksjonering - gebyr for arbeider etter lov om eigarseksjonar (§ 7)

Seksjonering av nytt bygg med gokjente teikningar	3*rettsgebyr
Seksjonering av eksisterande bygg som krev synfaring og teikningskontroll	5*rettsgebyr
Reseksjonering eller oppheving av seksjonering:)	3*rettsgebyr
Tinglysingsgebyr	525
<i>Rettsgebyr 2017: 1 049</i>	

6.1.1 Handsaming av utsleppsløyve

Melding om etablering av mindre avløpsanlegg (1-15 p.e)		
Søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg (1-15 p.e)	3 300	6,45
Søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg (> 15p.e)	5 750	4,55
Mindre endring av utsleppsløyve	15 800	3,95
Søknadsgebyret dekker eventuell kontroll og tilsyn av nye anlegg	3 200	3,23

6.1.2 Handsaming av utsleppsløyve

Ved varslet tilsyn av separate avløpsanlegg blir det krevd inn gebyr. Ein tek sikte på tilsyn kvart 5.år	1 250	4,17
--	-------	------

7.1.1 Tilknytingsavgift for vatn og avløp**herav mva**

Tilknytingsavgift for vatn pr m2 BRA	300,00	60,00	0,00
Tilknytingsavgift for avløp pr m2 BRA	450,00	90,00	0,00
Tilknytingsavgift for vatn industri (tilsv 150 m2)	45 000,00	9 000,00	0,00
Tilknytingsavgift for avløp industri (tilsv 150 m2)	67 500,00	13 500,00	0,00

7.1.12 Årsavgifter for vatn og avløp**herav mva**

Årsavgift for vatn målt pr pr m3	17,00	3,40	-5,56
Abonnementsgebyr for vatn per år	1 100,00	220,00	-8,33
Årsavgift etter stipulert forbruk min. per år	1 600,00	320,00	0,00

Årsavgift for avløp målt per m3	30,00	6,00	-6,25
Abonnementsgebyr for avløp per år	1 300,00	260,00	-7,14
Årsavgift etter stipulert forbruk min. per år	2 800,00	560,00	0,00
Mottak av slam til reinseanlegg per m3	320,00	64,00	0,00
8.1 Søknad om konsesjon/løyve til erverv			
Minimum gebyr	2 000,00		0,00
Maksimum gebyr	5 000,00		0,00
8.2 Delingssamtykke etter jordlova			
Jordlovsbehandling av søknad om deling	2 000,00		0,00
8.3 Fellingsgebyr for hjortevilt etter viltlova § 43			
Vaksen elg	510,00		2,82
Elgkalv	300,00		2,74
Vaksen hjort	390,00		2,90
Hjortekalv	236,00		2,61
9.1 Feiegebyr			
Feiegebyr	650,00	130,00	0,00
Tillegg for kvar pipe ved fleire piper på same tak	390,00	78,00	0,00
10.1 Gravfestegebyr per år			
Gravfeste (fastsetjast av kyrkja)	150,00		0,00

14 Vedlegg I: Handlingsregelen for god økonomistyring

14.1 Målsetting

Målet med den økonomiske forvaltninga i kommunen er:

- Utvikling av lokalsamfunnet og av kommunen som organisasjon.
- Å gjere økonomien til kommunen robust.
- Gje grunnlag for høg avkastning på kraftporteføljen gjennom å forvalte inntektene langsiktig slik at ein kan tåle store svingingar i inntektene innanfor og mellom år.
- Å ha ein bevisst forhold til nivået og utvikling av kommunen sin renteberande gjeld.
- Å ha god styring med sjølvkostområde som til dømes vatn og avløp samt utleigeverksemda med omsyn til inndekning.
- Å ha eit bevisst forhold til effekt av investeringar på driftsrekneskapen samt kva effekt val av finansiering har over tid

14.2 Handlingsreglar for disposisjonsfond og disposisjonsfond næring

14.2.1 Disposisjonsfond

I Føremål for bruk

Avsetning frå tidlegare år kan nyttast til følgjande føremål, i prioritert rekkjefølgje:

1. Dekkje underskott i regneskapet.
2. Robust finansiell eigenkapital
Sikre at disposisjonsfonda er store nok til at kommunen har ein robust økonomi som kan møte høgare utgifter eller lågare inntekter. Disposisjonsfond som overstig 17,5 % av netto driftsinntekter (Driftsinntekter med frådrag av inntekter innan vatn, avløp, renovasjon og andre sjølvkostområde, samt områder med rentekompenasjon eller områder der utleige dekker kommunens kostnader) er å anse som frie midlar.
3. Finansierte utvikling av lokalsamfunn og organisasjon.

Middel på Disposisjonsfond kraftsal kan nyttast til følgjande føremål:

1. Finansierte investeringar med eigenkapital
2. Nedbetaling av lån
3. Utvikling av kommunen som ein moderne tenesteprodusent

II Definisjon av teller (Driftsresultat) og nemnar (Driftsinntekter)

Netto driftsresultat og netto driftsinntekter er i denne samanhengen korrigert for overskott/underskott på sjølvkostområda. Det skal alltid vere siste års tala frå siste års rekneskap som skal vere retningsgivande.

III Investeringar i sjølvkostområda og tiltak utan driftsmessige konsekvensar for drifta.

Investeringar innan vatn, avløp, renovasjon og andre sjølvkostområde, samt områder med rentekompenasjon eller områder der utleige dekker kommunens kostnader, skal risiko for kommunen sin driftsøkonomi vurderast på same vis som ved interkommunale låneopptak gjennom IKS og andre som har kommunal garanti vurderast.

IV Investeringar i øvrige driftsområde

Kommunalt gjeldsansvar som ligg til grunn for dette målet skal vere kommunens gjeldsansvar med fråtrekk for gjeld i IKS områder, og gjeld innan vatn, avløp, renovasjon og andre sjølvkostområde, samt områder med rentekompenasjon eller områder der utleige dekker kommunens kostnader.

Denne gjelda skal ikkje kunne planleggast å overstige 40 % av netto driftsinntekter (korrigert for sjølvkostområde). Rådmannen meiner dette kan endrast til:

V Bruk av fondet

Inntekter kan nyttast i det året dei kjem inn og disponerast av kommunestyret i økonomiplanen, eller i egne saker i løpet av året, til:

- Finansiære investeringar med eigenkapital
- Nedbetaling av lån
- Utvikling av kommunen som ein moderne tenesteprodusent

VI Reglar for bruk Konesjonsavgift

Konesjonsavgiftene skal avsettast årleg til Kraftfond (konesjon), og som hovudregel nyttast til investeringar eller avdrag på lån i det påfølgande året.

14.2.2 Regler for Disposisjonsfond Næring

Målet med forvaltning av disposisjonsfond næring:

- Utvikling av lokalsamfunnet i tråd med kommunestyrets mål for kommunen

I Avsetning

Av inntektene frå eigedomsskatt skal 60 % avsettast til eige disposisjonsfond (Disposisjonsfond Næring) i inntektsåret.

II Føremål for bruk

Avsetning kan nyttast til følgjande føremål, i prioritert rekkjefølgje:

1. Investeringar i infrastrukturtiltak i heile kommunen som er i tråd med kommunestyrets vedtekne mål. Dette gjeld om tiltaka er eigd av kommunen eller om det er eigd av andre.
2. Driftskostnader til slike fellestiltak som nemnd i pkt. II, 1.

III Reglar for bruk

Bruk av fondet skal innarbeidast i kommunens økonomiplan med prosjektnummer og bli skildra som investeringar på lik linje med kommunens øvrige investeringar. Bruk av fondet til drift innarbeidast i økonomiplanen for det aktuelle driftsområdet. Kommunestyret skal årleg sjå heile økonomiplanperioden under eitt.

14.3 Handlingsreglar for netto driftsresultat og lånegjeld

I kommunestyresak 53/13 vart det gjort vedtak om kommunen sin handlingsregel om god økonomistyring. Desse handlingsreglane er føresett vidareført i planperioden.

Det er fastsett resultatmål knytt til følgjande nøkkeltal:

- Netto driftsresultat: 3,0 %
- Lånegjeld³: 40,0 % (under føresetnad av 100 % inndekning innan VA)

Tabell 14-1 Handlingsregelen (tal i mill. kr)

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Brutto driftsinntekter	275,6	287,4	306,0	306,0	306,0
Korrigert for inntekter VAR	-29,3	-29,0	-29,0	-29,0	-29,0
Brutto driftsinntekter eks VAR	246,3	258,4	277,0	277,0	277,0
Netto driftsresultat	0,9	-6,2	14,8	15,8	15,8
Korrigert for resultat VA	-4,8	-4,0	-3,0	-2,7	-2,4
Netto driftsresultat eks VAR	-3,9	-10,2	11,8	13,1	13,4
Disposisjonsfond eks E-skattefond per 31.12.	60,1	47,1	44,3	48,4	52,8
Lånegjeld eks VAR og rentekomp-lån	63,7	75,1	69,6	91,2	114,3
Lånegjeld totalt	183,4	243,5	247	264,1	275,2

Nøkkeltal

1. Netto driftsresultat eks VAR (handlingsregel: 3 %)	-1,6 %	-3,9 %	4,3 %	4,7 %	4,8 %
2. Disposisjonsfond eks E-skatt fond (handlingsregel: 17,5 %)	24,4 %	18,2 %	16,0 %	17,5 %	19,1 %
3. Lånegjeld eks VAR og rentekomp-lån (handlingsregel: 40 %)	25,9 %	29,1 %	25,1 %	32,9 %	41,3 %
4. Lånegjeld totalt av totale driftsinntekter	66,5 %	84,7 %	80,7 %	86,3 %	89,9 %

Forklaring til nøkkeltal:

1 Nemnar driftsinntekter eks VAR

2. Nemnar er driftsinntekter eks VAR

3. Nemnar er driftsinntekter totalt

³ Kommunen sin lånegjeld er samansett av lån til investeringar innan sjølvkostområdet vatn og avløp. Dekningsgraden for kostnader innan dette området er over 100 % i perioden. Dermed er lån til VA området sjølvberande. Vidare er kommunen mottakar av rentekompensasjon knytt til investeringar i omsorgsbustader og skulebygg.

15 Vedlegg II: Investeringsprosjekt

15.1 Skildring av investeringsprosjekt 2017-2020

Prosjekt 129 Andelsinnskott KLP

Budsjett: 600 000 kr (2017)

Prosjekt 131 Lån – ekstraordinære avdrag

Det er lagt opp til ekstraordinære avdrag i samsvar med inntekter frå tomtosal.

Budsjett: 1 mill. kr per år (2017-2020)

Prosjekt 559 VA Gravfjellet – infrastrukturselskap

Aksjekjøp til kommunal del av selskapet

Budsjett: 3,5 mill. kr (2017)

Prosjekt 238 ØSUS Ventilasjon – rehabilitering

Prosjektet starta i 2016 og blir vidareført inn i 2017. Prosjektet omfattar etablering av nytt ventilasjonsanlegg og rehabilitering av store deler av ungdomsskulen.

Budsjett: 4 mill. kr (2017)

Prosjekt 493 Turveg BHSS - Mørken

Prosjektering av turveg på attstående parsell sør for Helsesportsenteret er prosjektert, og ein avventar løyve frå Statens vegvesen om bruk av deira grunn. Det er avklart at kommunen i ikkje får tilskott frå trafikktryggleiksutvalet i Oppland Fylke. Prosjektet har i dag ingen ekstern finansiering

Samla budsjett: 750 000 kr (2017)

Prosjekt 194 Digitalt eigedomsarkiv

Rådmannen finn det rett å løfte arbeidet med å digitalisere vårt eigedomsarkiv opp til eit investeringsprosjekt.

Samla budsjett: 1,5 mill. kr (2017)

Prosjekt 600 Omsorgstun Heggenes

Kommunestyret har i samband med handsaming av arealdelen til kommuneplanen fatta prinsippvedtak om plassering av omsorgstun. Vi har som mål å starte programarbeid og prosjektering i 2017.

Samla budsjett: 10,0 mill. kr (2017), 20,0 mill. kr (2018), 25,0 mill. kr (2019), 20,0 mill. kr (2020)

Prosjekt 435 Brennebakkin – bustader

Kommunen ynskjer å oppføre 2 nye bustader på Brennebakkin. Utsett prosjekt

Samla budsjett: 5,2 mill. kr (2017)

Prosjekt 365 Buss - sjukeheimen

Det er føresett kjøp av ny buss i 2017

Budsjett 400 000 kr (2017)

Prosjekt 601 Volbu bru

Volbu bru er smal og er om få år i behov av omfattende teknisk oppgradering. Ny og tidsmessig bru er vurdert som ein betre løysing. Detaljprosjektering vert gjennomført i 2017

Samla budsjett: 500 000 kr (2017), 2,0 mill. kr (2018)

Prosjekt 394 Moavegen 1 - bustader

Bygg med 4 bustadar er prosjektert i Moavegen 1. Dette er kommunale bustader for personar som har vanskar på bustadmarknaden, dvs. ungdom, flyktningar og andre. Leilegheitene har standard som omsorgsbustader.

Finansiert ved 2,6 mill. kr i tilskott og 7,4 mill. kr i lån.

Samla budsjett: 10,0 mill. kr (2017)

Prosjekt 490 Bil til brannvesenet

Dette gjeld kjøp av tankbil til brannvesenet.

Budsjett 1,2 mill. kr (2017)

Prosjekt 439 Sentrumsutvikling Beitostølen/Prosjekt 397 Utvikling Beitostølen

Prosjektet gjeld å omsette sentrumsplan til reguleringsplan for sentrumsnære område, og vidare gjennomføring

Samla budsjett: 5,0 mill. kr per år (2017-2020)

Prosjekt 603 Ungdommens Hus

Nytt ungdomshus i nærområdet til ungdomsskulen er under prosjektering for snarleg oppstart. Prosjektet har fått tilskott på nær 2,0 mill. kr i sentrale kulturmidlar.

Samla budsjett: 5,3 mill. kr (2017)

Prosjekt 239 Sanering av Gamle Rogne skule

Riving av Gamle Rogne skule

Samla budsjett: 1,5 mill. kr (2017)

Prosjekt 240 Kaldtlager Rogne skule

Bygging av kaldtlager/lager for utereiskap ved Rogne skule.

Samla budsjett: 250 000 kr (2017)

Prosjekt 241 Uteområde Rogne skule

Tilpynting av uteområdet etter riving av Gamle Rogne skule

Samla budsjett: 250 000 kr (2017)

Prosjekt 242 Gang og sykkelveg forbi Rogne skule

Statens vegvesen legg i sine planar til grunn at kommunen sjølv bygger gang- og sykkelveg på eigen grunn forbi Rogne skule. Om Statens vegvesen ikkje endrar syn må kommunen sjå til at gang- og sykkelveg her vert ferdig samstundes med vegvesenet sine planar nordover etter fylkesveg 51.

Samla budsjett: 1,0 mill. kr (2017)

Prosjekt 605 Utbetring Dalsvegen

Det er forventa at VA Lidar – Sælid vil gje store masseoverskott. Denne massen kan nyttast til å bygge opp ny vegline for Dalsvegen frå Dalsbrue til Nordtorplassen.

Samla budsjett: 1,5 mill. kr (2017)

Prosjekt 389 Asfaltering kommunale vegar

I samband med ynskje om asfaltering av kommunale vegar er det sett av beløp i økonomiplanperioden. Dette er føresett finansert av disposisjonsfond næring, jf. avsetting av andel av inntekter frå eigedomsskatt i perioden 2018-2020.

Samla budsjett: 2,0 mill. kr per år (2018-2020)

15.2 VA-prosjekt**Prosjekt 558 VA Lidar – Sælid**

Parsell Lidar – Kjøk vart starta opp i 2016 med ferdigstilling 2017. Parsell Kjøk – Nordtorp er under prosjektering med sikte på byggstart januar 2017.

Formålet er å gje potensiale til utvikling av Skammestein. Prosjektet har potensiale til å avkloakkere heile eller delar av Beitostølen til Nedrefoss RA.

Samla budsjett: 30,0 mill. kr (2017), 8,0 mill. (2018)

Prosjekt 561 Nedrefoss RA - Biotrinn

Nedrefoss RA har ikkje optimal reinsing av organisk stoff og har reinseresultat heilt på grensa av det som er tillate. Kommunen forsøkte gjennom fleire år å optimalisere anlegget utan eit biologisk reinsesteg. Vi må erkjenne at vi ikkje har lykkast med det.

Samla budsjett: 4,0 mill. kr (2017)

Prosjekt 556 VA Moane – Robøle

Prosjektet er første byggesteg i avkloakking av Robøle og Gravfjellsområdet.

Prosjektet var meint å vere eit samarbeidsprosjekt med Vindin Vassverk SA. Budsjett for kommunal del er 6,0 mill. kr (2018)

Prosjekt 604 Ole Vassverk – utviding av høgdebasseng

I drikkevassforskrifta er det retningsgjevande at eit vassverk skal ha høve til å lagre vatn for minst eit døgn forbruk. Døgnforbruket ved Ole Vassverk er no større enn vi har kapasitet til i vassbasseng. Kommunen planlegg difor no utviding av høgdebassenget ved Åsestølen.

Budsjett: 1 mill. kr (2017), 7 mill. kr (2018), 6 mill. kr (2019)

Prosjekt 504 Ole Vassverk – oppgradering av inntak

Inntaket til Ole Vassverk er vurdert endra og oppgradert .

Samla budsjett : 2 mill. kr (2018)

Prosjekt 501 VA Tåbakke – Lykkjehøgde

Det er interesse for å få offentleg vatn og avløp fram til hytteområdet Tåbakke. Det er separate avløpsanlegg i området som har behov for oppgradering. Prosjektet går ut på å føre fram VA frå Lykkjehøgde til Tåbakke. Vi føreset stor grad av ekstern finansiering i hytteområdet.

Samla budsjett: 4,0 mill. kr (2017)

Prosjekt 502 VA Åbakkin

Moane er definert som tettstad etter forureiningsforskrifta der det er krav om tilknytning til offentlig avløp. Bustader ved Åbakkin er ikkje knytt til offentlig nett.

Samla budsjett: 1,0 mill. kr (2017)

Prosjekt 503 VA Gullbakkvegen

Heggenes vart for få år sidan definert som tettstad etter forureiningsforskrifta der det er krav om tilknytning til offentlig avløp. Bustadene langs Gullbakkvegen er ikkje knytt til offentlig VA.

Samla budsjett: 3,0 mill. kr (2017)

Prosjekt 606 Kollstad – Tvengivegen

Vidareføring av kommunal hovudleidning i Kollstadbygde med mål å sanere eit tal separate avløpsanlegg.

Samla budsjett: 3,0 mill. kr (2017)

16 Vedlegg III: Talbudsjett

Tabell 16-1 Driftsbudsjettet - budsjettskjema 1A

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Skatt på inntekt og formue	80 344 068	80 900 000	91 000 000	91 000 000	91 000 000	91 000 000
Ordinært rammetilskudd	98 562 136	98 200 000	96 500 000	95 500 000	95 500 000	95 500 000
Eigedomsskatt	2 299 965	2 200 000	2 000 000	22 000 000	22 000 000	22 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	3 550 934	3 600 000	3 600 000	3 600 000	3 600 000	3 600 000
Andre generelle statstilskudd	10 353 129	13 611 800	13 902 000	13 590 000	13 590 000	13 590 000
Sum frie disponible inntekter	195 110 232	198 511 800	207 002 000	225 690 000	225 690 000	225 690 000
Renteinntekter og utbytte	5 718 779	6 025 000	5 810 000	5 810 000	5 810 000	5 810 000
Gevinst finansielle instrumenter	26 500	-	-	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	3 614 914	4 053 000	4 575 000	5 075 000	5 275 000	5 375 000
Avdrag på lån	8 990 505	10 100 000	11 000 000	12 000 000	12 500 000	12 500 000
Netto finansinnt./utg.	-6 860 140	-8 128 000	-9 765 000	-11 265 000	-11 965 000	-12 065 000
Til ubundne avsetninger	19 219 000	1 387 339	-	14 087 000	14 637 000	14 882 000
Til bundne avsetninger	8 772 190	8 484 000	7 649 000	6 650 000	6 350 000	6 050 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforb.	-	3 441 339	-	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	7 630 000	2 156 500	10 289 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Bruk av bundne avsetninger	15 901 238	3 740 000	3 740 000	3 740 000	3 740 000	3 740 000
Netto avsetninger	-4 459 952	-533 500	6 380 000	-13 997 000	-14 247 000	-14 192 000
Overført til investeringsbudsjettet	-	400 000	-	-	-	-
Til fordeling drift	183 790 140	189 450 300	203 617 000	200 428 000	199 478 000	199 433 000

Tabell 16-2 Investeringsbudsjettet - budsjettskjema 2A

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Investeringer i anleggsmidler	29 733 562	59 435 000	102 350 000	44 000 000	38 000 000	27 000 000
Utlån og forskutteringer	150 000	-	-	-	-	-
Kjøp av aksjer og andeler	575 300	4 100 000	4 100 000	600 000	600 000	600 000
Avdrag på lån	149 073	3 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Avsetninger	1 672 365	3 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Årets finansierungsbehov	32 280 300	69 535 000	108 450 000	46 600 000	40 600 000	29 600 000
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidler	16 188 289	41 370 000	74 760 000	13 300 000	23 700 000	13 700 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	272 054	3 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Tilskudd til investeringer	110 000	4 320 000	4 600 000	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	4 109 193	6 900 000	9 590 000	5 800 000	6 400 000	5 400 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	10 523 644	1 975 000	14 500 000	16 500 000	1 500 000	1 500 000
Sum eksternt finansiering	31 203 180	57 565 000	104 450 000	36 600 000	32 600 000	21 600 000
Overført fra driftsbudsjettet	-	400 000	-	-	-	-
Bruk av avsetninger	1 077 120	11 570 000	4 000 000	10 000 000	8 000 000	8 000 000
Sum finansiering	32 280 300	69 535 000	108 450 000	46 600 000	40 600 000	29 600 000
Udekket/udisponert	-	-	-	-	-	-

Tabell 16-3 Anskaffelse og anvendelse av midler

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Anskaffelse av midler						
Inntekter driftsdel	279 485 921	275 565 000	287 353 000	306 041 000	306 041 000	306 041 000
Inntekter investeringsdel	14 793 453	15 695 000	29 190 000	22 800 000	8 400 000	7 400 000
Innbetalinger ved eksterne finanstrans	22 261 114	48 010 000	81 200 000	19 740 000	30 140 000	20 140 000
Sum anskaffelse av midler	316 540 488	339 270 000	397 743 000	348 581 000	344 581 000	333 581 000
Anvendelse av midler						
Utgifter driftsdel	264 830 598	266 424 125	283 738 000	280 549 000	279 599 000	279 554 000
Utgifter investeringsdel	29 733 562	59 435 000	102 350 000	44 000 000	38 000 000	27 000 000
Utbetaling ved eksterne finanstrans	13 479 792	21 253 000	20 675 000	18 675 000	19 375 000	19 475 000
Sum anvendelse av midler	308 043 952	347 112 125	406 763 000	343 224 000	336 974 000	326 029 000
Anskaffelse - anvendelse av midler	8 496 536	-7 842 125	-9 020 000	5 357 000	7 607 000	7 552 000
Endring i ubrukte lånemidler	-16 188 289	-	-	-	-	-
Endring i arbeidskapital	-7 691 753	-7 842 125	-9 020 000	5 357 000	7 607 000	7 552 000
Avsetninger og bruk av avsetninger						
Avsetninger	33 104 894	12 871 339	8 649 000	21 737 000	21 987 000	21 932 000
Bruk av avsetninger	24 608 358	20 907 839	18 029 000	16 740 000	14 740 000	14 740 000
Netto avsetninger	8 496 536	-8 036 500	-9 380 000	4 997 000	7 247 000	7 192 000
Int. overføringer og fordelinger						
Interne inntekter mv	16 880 483	2 129 000	1 990 000	1 990 000	1 990 000	1 990 000
Interne utgifter mv	16 880 483	2 129 000	1 990 000	1 990 000	1 990 000	1 990 000

17 Vedlegg IV


17.1 Befolkningsutvikling

Øystre Slidre kommune hadde per 01.01.2016 eit registrert folketal på 3 206 innbyggjarar (2013: 3 197). Folketalet i Øystre Slidre har dei 10 siste åra gått opp med 121 (3,7 %), medan det samla folketalet i Valdres i den same perioden har gått ned med 279 (-1,5 %).

Tabell 17-1 Befolkningsutvikling i Valdres 2012-16 (tal per 1. januar)

	2012	2013	2014	2015	2016
0540 Sør-Aurdal	3 154	3 147	3 133	3 094	3 058
0541 Etnedal	1 408	1 399	1 408	1 402	1 321
0542 Nord-Aurdal	6 428	6 396	6 417	6 466	6 458
0543 Vestre Slidre	2 232	2 219	2 187	2 180	2 168
0544 Øystre Slidre	3 174	3 197	3 206	3 199	3 220
0545 Vang	1 617	1 597	1 602	1 619	1 590
Sum Valdres	18 013	17 955	17 953	17 960	17 815

Figur 17-1 Fordeling av innbyggjarar etter aldersgrupper i %



Tabell 17-2 Prognose for folketal i 2020 i valdreskommunane (kjelde: SSB, moderat vekst)

	0 - 5 år	6 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80+ år	Totalt
0540 Sør-Aurdal	180	506	1 750	481	200	3 117
0541 Etnedal	73	216	889	202	105	1 485
0542 Nord-Aurdal	368	991	3 838	968	347	6 512
0543 Vestre Slidre	116	366	1 281	303	135	2 201
0544 Øystre Slidre	190	491	1 932	492	155	3 260
0545 Vang	95	245	988	241	86	1 655
Samla i Valdres	1 022	2 815	10 678	2 687	1 028	18 230

Statistikk Sentralbyrå (SSB) si oversikt over alderssamansetnad i kommunane viser at i Øystre Slidre utgjør aldersgruppa 80 år og eldre 4,6%.

SSB sin prognose for 2020 (moderat vekst) viser til eit samla folketal på 18 230 i valdreskommunane, av dette 3 260 i Øystre Slidre.


Ser ein utvikling bakover frå 2000 til 2016, har innbyggartalet i Øystre Slidre auka frå 3 060 til 3 220. Auken har vore knytt til aldersgruppa 55-66 år og 67-79 år.

Andel av befolkninga som er over 67 år er per 01.01.2016 på 18 %, noko som er litt lågare enn gjennomsnittet for opplandskommunane.

Tabell 17-3 Endring i samansetting i befolkninga i Øystre Slidre frå 2000-2016

	Antall innb.		Endring 2000-16		Andel i %	
	2000	2016	antall	prosent	2000	2016
0-15 år	615	530	-85	-13,8	20,1	16,5
16-24 år	344	344	0	-	11,2	10,7
25-39 år	623	583	-40	-6,4	20,4	18,1
40-54 år	638	687	49	7,7	20,8	21,3
55-66 år	389	495	106	27,2	12,7	15,4
67-79 år	287	432	145	50,5	9,4	13,4
80 år -	164	149	-15	-9,1	5,4	4,6
I alt	3 060	3 220	160	5,2	100,0	100,0

Figur 17-2 Andel av befolkning over 67 år i Opplandskommunane



17.2 Organisasjonskart

